

Kartlegging av naturtypar i Skodje kommune



**Rapport J. B. Jordal
nr. 3-2005**

Utførande konsulent: Biolog John Bjarne Jordal 6610 Øksendal	Kontaktperson/prosjektansvarleg: John Bjarne Jordal epost: john.bjarne.jordal@c2i.net	Medarbeidar: Dag Holtan Boks 3, 6249 Ørskog										
Oppdragsgjevar: Skodje kommune v/Toralv Klokkehaug, Ørskog interkommunale landsbrukskontor, 6240 Ørskog, tlf. 70 27 29 00	ISBN-nummer: 82-92647-03-1	År: 2005										
Referanse: Jordal, J. B. & Holtan, D. 2005: Kartlegging av naturtypar i Skodje kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 3-2005. 89 s.												
Referat: Det er utført kartlegging av prioriterte naturtypar, raudlisteartar og vilt i Skodje kommune etter ein fastsett, nasjonal metodikk. Det er avgrensa og skildra 47 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypane havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, berg/rasmark og fjell. Det er gjort 151 funn av 51 raudlisteartar av mosar, planter og sopp. I tillegg er finst det 13 hekkefuglar og 3 pattedyr som står på raudlista. Det er skildra nokre viltlokalitetar og laga ei oversikt over viltobservasjonar (m.a. hekkelokalitetar for meir uvanlege/interessante artar) i kommunen. Sårbare vilttopplysningar er utelett i rapporten. Skodje sitt særpreg er særleg innanfor naturtypane kulturlandskap med naturbeitemark, skog med m.a. edellauvskogar og kystfuruskog (dels med barlind), og ferskvatn med ein del lokalitetar m.a. rike på padde og augestikkarar. Kommunen har fleire viltområde tilknytt havstrand/kyst. Kommunen har 5 verneområde som er oppretta for å ta vare på dels fuglelivet og dels planteliv/vegetasjon.												
Emneord: <table style="width: 100%; border: none;"> <tr> <td style="width: 50%;">Biologisk mangfald</td> <td style="width: 50%;">Prioriterte naturtypar</td> </tr> <tr> <td>Planter</td> <td>Havstrand</td> </tr> <tr> <td>Sopp</td> <td>Kulturlandskap</td> </tr> <tr> <td>Pattedyr</td> <td>Myr</td> </tr> <tr> <td>Fugl</td> <td>Skog</td> </tr> </table>			Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar	Planter	Havstrand	Sopp	Kulturlandskap	Pattedyr	Myr	Fugl	Skog
Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar											
Planter	Havstrand											
Sopp	Kulturlandskap											
Pattedyr	Myr											
Fugl	Skog											
Framsidedeilete: <p><i>Øvst t.v.: Skodje har mykje småtjønner og våtmark, og er vel kanskje paddekommunen framfor nokon i Møre og Romsdal, med minst 30 av dei vel 130 kjende paddelokalitetane i fylket.</i></p> <p><i>Øvst t.h.: Solblom er ein plante som trivst best i kulturlandskapet. Skodje har framleis fleire bestandar av solblom. M.a. har Storsetra ein av dei største bestandane i fylket. Desse lokalitetane må anten beitast eller slåast, elles vil solblomen gradvis forsvinna.</i></p> <p><i>Midten t.v.: Skog er det mykje av i Skodje. Her er m.a. store område med kystfuruskog. Biletet er frå Norsk Botanisk Forening si utferd i Ørnnakken i 2003.</i></p> <p><i>Midten i midten: Barlind kan synast vanleg for folk i Skodje. Dette kjem nok av at Skodje er den viktigaste barlindkommunen i fylket, med rundt halvparten av alle barlindar som er kjent i Møre og Romsdal. Barlinda er frostvar, knytt til ytre fjordstrok, og går nord til Fræna.</i></p> <p><i>Midten t.h.: Nærbilete av barlindbar.</i></p> <p><i>Nedst t.v.: I gamle slåtte- og beiteenger førekjem mange artar av beitemarkssopp. Fiolett greinkøllesopp er ein av dei vakraste. Han er dessutan nokså sjeldan, og er i Skodje berre funnen i Nerlia på Fylling.</i></p> <p><i>Nedst t.h.: Lungenever er ein fuktkevande lavart i eldre skog, og er vanleg i det kystprega klimaet i Skodje.</i></p> <p><i>Bileta er tekne av forfattarane ©.</i></p>												

FØREORD

Forvaltning av natur har tidlegare i særleg grad vore eit statleg ansvar, men kommunane vil no gradvis få ein større del av dette ansvaret. Etter at Noreg slutta seg til Konvensjonen om biologisk mangfald i 1993 har Stortinget bestemt at alle norske kommunar skal gjennomføra ei kartlegging av viktige naturtypar for å styrka vedtaksgrunnlaget i det lokale planarbeidet, jf. St. meld. nr. 58 (1996-97) og St. meld. nr. 42 (2000-2001). Dette arbeidet går no mot slutten både i Møre og Romsdal og resten av landet. Skodje kommune har motteke statleg tilskot til dette arbeidet og også løyvd eigne midlar.

Denne rapporten er laga på oppdrag av Skodje kommune av biolog John Bjarne Jordal. Dag Holtan har samanstilt eigne data og også utført feltarbeid. Rapporten er basert dels på samanstilling av kjent kunnskap og dels på innsamling av ny kunnskap gjennom feltarbeid og kontakt med folk. Materialet er systematisert etter ein fast metodikk som gjeld for heile landet. Det er meininga at rapporten skal kunne brukast som eit kunnskapsgrunnlag i både offentleg og privat planlegging.

Forfattarane ønskjer å takka alle som har bidratt med opplysningar, både lokalt og elles.

Jordalsgrenda 15.12.2004

John Bjarne Jordal
prosjektansvarleg

INNHALD

SAMANDRAG	7
INNLEIING	10
BAKGRUNN	10
KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?	10
VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD	10
TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET	11
FORVALTNING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE	12
FORMÅLET MED RAPPORTEN	12
NØKRE ORD OG UTTRYKK	12
METODAR OG MATERIALE	14
INNSAMLING AV INFORMASJON	14
VERDSETTING OG PRIORITERING	16
PRESENTASJON	17
NATURGRUNNLAG	19
LANDSKAP M.M.	19
KLIMA	19
GEOLOGI	19
LAUSMASSAR	20
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK PLASSERING	20
HOVEDNATURTYPAR	22
HAVSTRAND/KYST	22
KULTURLANDSKAP	22
FERSKVATN	22
MYR	22
SKOG	22
BERG, RASMARK OG KANTKRATT	23
FJELL	23
LOKALITETAR	24
OVERSIKT	24
1 LIAFJELLET NATURRESERVAT (GAMMAL BARSKOG)	24
2 SOLNØRVIKA NATURRESERVAT (HAVSTRAND)	24
3 SOLNØR: DRAGSUNDET (HAVSTRAND)	25
4 SOLNØRDALEN: ENJAVATNET M.M. (FERSKVATN)	25
5 SOLNØRDALEN: SÆTRELIA/OSPEHAUGEN (KYSTFURUSKOG M. BARLIND)	26
6 SÆTREFJELLET, NORDSIDA (BARLIND)	27
7 FYLLING: STEINSETSETRA (NATURBEITEMARK)	27
8 SVARTLØKVATNET: VESTENDEN (FERSKVATN, MYR)	27
9 STORLIA (NORDSIDA AV SVARTLØKVATNET) (BJØRKESKOG M. BARLIND)	28
10 FYLLING: FYLLINGSLIA, AUSTRE DEL (BARLIND)	29
11 FYLLING: FYLLINGSLIA VED GAMLESETRA (BARLIND)	29
12 FYLLING: FYLLINGSLIA, VEST FOR NESJESETRA (EDELLOUVSKOG)	30
13 FYLLING: NEDRELI (HASSELSKOG)	30
14 FYLLING: NEDRELI (NATURBEITEMARK)	31
15 FYLLING: SOLLI (NATURBEITEMARK)	32
16 FYLLING: FYLLINGSVATNET, AUSTENDEN (FERSKVATN)	32
17 FYLLING: STORETJØNNA OG LITLETJØNNA (FERSKVATN OG MYR)	32
18 FYLLING: ENGESETFJELLET, GYLET (RIK EDELLOUVSKOG)	33
19 ENGESET: ØYEDALEN (RIK EDELLOUVSKOG)	33
20 ENGESET: STORSÆTRA (NATURBEITEMARK)	34
21 ENGESETDALEN: ENGESETELVA (GRÅOR-HEGGESKOG)	35
22 ENGESETDALEN: ENGESETTJØNNA (FERSKVATN)	35

23 ENGESETDALEN: LASSEHAUGTJØNNA (MYR, FERSKVATN/VÅTMARK)	36
24 OPSKAR (SLÅTTEENG)	36
25 OPSKAR: STETTEVIKA (RIK EDELLAUVSKOG, RIKARE SUMPSKOG)	37
26 STAVSET: STAVSETFJELLET (KYSTFURUSKOG M.M.)	37
27 SKODJE: STRAUMSDALEN NATURRESERVAT (KYSTFURUSKOG M. BARLIND)	38
28 SKODJE: NØRSTJØNNA, STRAUMSDEMMA (DAMMAR).....	38
29 SKODJE: INDREBERG (NATURBEITEMARK).....	39
30 HÅHEIM: IGLETJØNNA (DAMMAR).....	39
31 VALLE: VALLETJØNNA (FERSKVATN).....	40
32 SVORTA: LOMSTJØNNA (DAMMAR).....	40
33 SVORTA: SVORTAVIKBEKKEN (FERSKVATN, VIKTIG BEKKEDRAG).....	41
34 SVORTA: SVORTAVATNET (FERSKVATN, MYR).....	41
35 UTVIKFJELLET: REGNVATNET, TREMANNSVATNA (FERSKVATN, MYR).....	42
36 BRUSDALEN: SLETTEBAKKTJØNNA (FERSKVATN).....	42
37 BRUSDALEN: SANDVIKA, VESTRE DEL (GAMMAL EDELLAUVSKOG).....	43
38 BRUSDALEN: SKINSTADRESET NATURRESERVAT (KYSTFURUSKOG M. BARLIND).....	44
39 BRUSDALEN: ØRNAKKTJØNNA (DAMMAR).....	44
40 BRUSDALEN: NORD FOR GLOMSETS KARDET (FISKETOM DAM).....	45
41 UKSENØYA: ØRNNAKKEN NATURRESERVAT (KYSTFURUSKOG M. BARLIND).....	45
42 UKSENØYA: LITLETJØNNA (FERSKVATN).....	46
43 UKSENØYA: HONNINGDALSELVA (BEKKEKLØFT).....	46
44 UKSENØYA: ROGNEVIKA, VESTRE DEL (SVARTOR).....	47
45 UKSENØYA: HEGGEBAKKLIA (KYSTFURUSKOG).....	48
46 UKSENØYA: SMÅGJÆRA (GAMMAL KYSTFURUSKOG).....	48
47 UKSENØYA: BRUNA (SÆTREVEGEN) (EDELLAUVSKOG).....	49
OMRÅDE MED DÅRLEGE DATA ELLER USIKKER STATUS.....	51
VILTREGISTRERINGAR.....	52
BRUSDALSVATNET: FLEIRE SMÅHOLMAR	52
ELLINGSØYFJORDEN: MAURHOLMEN	52
ELLINGSØYFJORDEN: SNAU-, FURU OG SYREHOLMANE	52
SKODJEVIKA: FLOTEHOLMEN	52
SKODJEVIKA: SMÅSKJÆRA	52
SKODJEVIKA: TENNSKJÆRET	53
SOLNØRDALEN: MEVATNET	53
SVORTA: SVORTAHOLMEN	53
UKSENØYA: STORHOLMEN	53
RAUDLISTEARTAR.....	54
GENERELT.....	54
SOPP.....	62
LAV	62
PLANTER	62
VIRVELLAUSE DYR	62
FUGL OG PATTEDYR	63
KUNNSKAPSSTATUS	66
OPPSUMMERING AV DATAGRUNNLAG ETTER DETTE PROSJEKTET	66
BEHOVET FOR VIDARE UNDERSØKINGAR.....	66
KJELDER.....	67
GENERELL LITTERATUR.....	67
LITTERATUR SOM BERØRER SKODJE.....	68
ANDRE SKRIFTLIGE KJELDER	76
MUNNLEGE KJELDER.....	76
VEDLEGG	77
PLANTELISTER FOR LOKALITETAR	77
MOSELISTER FOR LOKALITETAR.....	82
SOPPLISTER FOR LOKALITETAR	83
LAVLISTER FOR LOKALITETAR	84

FUGLELISTE FOR SKODJE..... 85

SAMANDRAG

Bakgrunn og formål

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einiskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltninga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbasen m.m. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjente folk. For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa ein del på feltarbeid. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart og i rapport.

Naturgrunnlag

Dei ulike naturtypene i Skodje er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Skodje er havstrand, kulturlandskap (særleg naturbeitemarker), myr og skog (særleg gråor-heggeskog og rik edellauvskog). Skodje har i visse område ein berggrunn som gjev eit meir baserikt jordsmonn og innslag av kalkkrevande planter m.m.

Naturtypar i Skodje

Tabell 1. Registrerte lokalitetar i Skodje fordelt på naturtypar og verdi. Mange lokalitetar har ein mosaikk av fleire naturtypar, summering gjev derfor for høge sumtal. Verdsetting kan og skuldast ein annan naturtype. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
A	Myr (5 lok.)				
A01	Intakt låglandsmyr	2		1	3
A05	Rikmyr	2		1	3
B	Rasmark, berg og kantkratt (0 lok.)				
D	Kulturlandskap (7 lok.)				
D01	Slåtteenger	1			1
D04	Naturbeitemark	3		2	5
D06	Skogsbeite		1		1
E	Ferskvatn/våtmark (13 lok.)				
E03	Kroksjøar, flomdammar og meandrerande elveparti	1			1
E06	Viktige bekkedrag	1			1
E09	Dammar	2	1	6	9
E10	Naturlige fisketomme innsjøar og tjønner	1		1	2
F	Skog (21 lok.)				

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
F01	Rik edellauvskog	5	6		11
F02	Gammal edellauvskog	1			1
F04	Bjørkeskog med høgstauder	1	2		3
F05	Gråor-heggeskog			1	1
F06	Rikare sumpskog		2		2
F07	Gammal lauvskog	1	1		2
F08	Gammal barskog	3			3
F09	Bekkekløfter		1		1
F12	Kystfuruskog	5	1		6
G	Havstrand/kyst (2 lok.)				
G02	Undervannseng		1		1
G05	Strandeng og strandsump		1	1	2
G07	Brakkvannsdelta		1		1
H	Andre viktige førekomstar (7 lok.)	2	1	4	7
Reelt tal lokalitetar i kvar verdikategori		22	10	15	47

I tabell 1 går det fram at det i Skodje er kjent 21 av dei 56 prioriterte naturtypene i DN-handboka. Dette er som forventet ut frå at Skodje særleg er ein skogkommune i eit for det meste låglendt fjordlandskap ut mot kysten.

Viktige lokalitetar i Skodje

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjeve nummer frå 1 til 53.

Tabell 2. Viktige lokalitetar i Skodje. Tabellen gjev ei oversikt over avgrensa og verdsette lokalitetar sorterte etter nummer. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Ein har her ikkje inkludert reine viltområde (t. d. hekkeområde for sjøfugl), som ikkje inngår i metoden med naturtypekartlegging (DN 1999a).

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
1	Liafjellet naturreservat	Gammal barskog, bjørkeskog med høgstauder	A
2	Solnørvika naturreservat	Brakkvassdelta, strandenger/strandsumpar, undervassenger	B
3	Solnør: Dragsundet	Strandeng og strandsump	C
4	Solnørdalen: Engjåvatnet m.m.	Kroksjøar, flomdammar og meandrerande elvestrekningar	A
5	Solnørdalen: Sætreli/Ospehaugen	Kystfuruskog, rik edellauvskog	A
6	Særefjellet, nordsida	Andre viktige førekomstar	C
7	Fylling: Steinsetsetra	Naturbeitemark	C
8	Svartløkvatnet: vestenden	Rikmyr, intakt låglandsmyr	A
9	Storlia (nordsida av Svartløkvatnet)	Gammal lauvskog, rik edellauvskog, andre viktige førekomstar	B
10	Fylling: Fyllingslia, austre del	Andre viktige førekomstar	A
11	Fylling: Fyllingslia ved Gamlesetra	Andre viktige førekomstar, rik edellauvskog	A
12	Fylling: Fyllingslia, vest for Nesjesetra	Rik edellauvskog	B
13	Fylling: Nedreli	Rik edellauvskog	B
14	Fylling: Nedreli	Naturbeitemark	A
15	Fylling: Solli	Naturbeitemark	A
16	Fylling: Fyllingsvatnet, austenden	Andre viktige førekomstar	C
17	Fylling: Storetjønna og Litletjønna	Dammar	C
18	Fylling: Engesetfjellet, Gylet	Rik edellauvskog	A
19	Engeset: Øyedalen	Rik edellauvskog, bjørkeskog med høgstauder, skogsbeite	B
20	Engeset: Storsætra	Naturbeitemark, rikmyr	A
21	Engesetdalen: Engesetelva	Gråor-heggeskog	C
22	Engesetdalen: Engesettjønna	Dammar	C
23	Engesetdalen: Lassehaugtjønna	Dammar, intakt låglandsmyr	C
24	Opskar	Slåtteeng	A
25	Opskar: Stettevika	Rik edellauvskog, rikare sumpskog	B

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
26	Stavset: Stavsetfjellet	Kystfuruskog, bjørkeskog med høgstauder	B
27	Skodje: Straumsdalen naturreservat	Kystfuruskog	A
28	Skodje: Nørstjøna, Straumsdemma	Dammar	C
29	Skodje: Indreberg	Naturbeitemark	C
30	Håheim: Igletjøna	Dammar, intakt låglandsmyr	A
31	Valle: Valletjøna	Andre viktige førekomstar	C
32	Svorta: Lomstjøna	Dammar	C
33	Svorta: Svortavikbekken	Viktig bekkedrag	A
34	Svorta: Svortavatnet	Andre viktige førekomstar	C
35	Utvikfjellet: Regnvatnet, Tremannsvatna	Naturleg fisketome innsjøar og tjonner, rikmyr	C
36	Brusdalen: Slettebaktjøna	Dammar	B
37	Brusdalen: Sandvika, vestre del	Gammal edellauvskog	A
38	Brusdalen: Kinstadreset naturreservat	Kystfuruskog	A
39	Brusdalen: Ørnaktjøna	Dammar	A
40	Brusdalen: nord for Glomsetskardet	Naturleg fisketome innsjøar og tjonner	A
41	Uksenøya: Ørnakken naturreservat	Kystfuruskog, gammal barskog	A
42	Uksenøya: Litletjøna	Dammar	C
43	Uksenøya: Honningdalselva	Bekkekløft	B
44	Uksenøya: Rognevika, vestre del	Rikare sumpskog, rik edellauvskog	B
45	Uksenøya: Heggebakklia	Kystfuruskog	A
46	Uksenøya: Smågjæra	Gammal barskog, gammal lauvskog, rik edellauvskog	A
47	Uksenøya: Bruna (Sætrevegen)	Rik edellauvskog	A

Raudlisteartar

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b).

Det er registrert 151 funn av 51 offisielle raudlisteartar av planter, mosar og sopp i Skodje, og dei som er kjent, er omtala i eit eige kapittel. 16 raudlisteartar av virveldyr er også kort presenterte her.

Kunnskapsstatus

Eit eige kapittel inneheld ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Når det gjeld naturtypar, står att å undersøkje litt myr, naturbeitemark. Kunnskapen om mange organismegrupper i Skodje er også jamt over dårleg. Tema prioriterte naturtypar må også supplerast med undersøkingar etter DN-handbok om marin kartlegging.

Litteratur

Ein eigen litteraturdatabase er under utarbeiding over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Skodje i denne basen ga 345 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk.

Vedlegg

I vedlegga er det presentert artslister for einskildlokalitetar for planter, mosar og sopp.

INNLEIING

Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), " Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen Brundtlandkommisjonens rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Norge i 1993 og som tredde i kraft i 1994. Direktoratet for Naturforvaltning (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre. Denne runden av kartleggingsarbeidet i kommunane er planlagt ferdig i løpet av 2004.

Kva er biologisk mangfald?

Populært sagt er biologisk mangfald jorda sin variasjon av livsformer (planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusive arvestoffet deira og det kompliserte samspelet mellom dei. Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: gen-, arts- og økosystemnivå.

Meir presist er biologisk mangfald definert slik i Rio-konvensjonen om biologisk mangfald: "*Biologisk mangfald er variabiliteten hos levande organismar av alt opphav, herunder m.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystem og dei økologiske kompleksa som dei er ein del av; dette omfattar mangfald innanfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.*" (MD 1992).

Verdien av biologisk mangfald

Miljøverndepartementet (2001b) knyter desse verdiane til biologisk mangfald:

- **Direkte bruksverdi:** Verdi som vert realisert gjennom bruk av biologiske ressursar til t.d. mat, medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til lek, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forskning.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sitt kretsløp, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flom og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for menneskeleg eksistens og økonomisk aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdiane som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdiane omfattar både direkte og indirekte verdiane nemnt ovanfor og er blant anna knytt til bruk av uutnytta genetiske ressursar både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for framstilling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, t. d. knytt til ønsket om å vita at ein art eksisterer, til kommande generasjonar sine mulegheiter og livskvalitet, og til ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer også naturen sin eigenverdi (DN 1999a). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og difor ikkje treng sjåast på som eit middel, men som eit mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal overta kloten med like stor moglegheit for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er identisk med ei berekraftig utvikling slik Brundtland-kommisjonen definerte det.

Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

Fysiske inngrep

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsformål. Store utbyggingar har ofte store konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjera om vi klarer å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort, er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkast vektlagt i beslutningsprosessane.

Endra driftsformer i jordbruket

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men også fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra og mange kulturskapt naturtyper, m.a. slåtteeenger og naturbeitemarker er i ferd med å forsvinna (Jordal 1997, Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og vert til buskmark eller skog. Dette medfører m. a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går attende. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt attende eller forsvinn heilt (Jordal 1997, Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til 2. verdskrigen. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 80-tallet. På grunn av desse endringane vil truleg ei lang rekkje plante-, sopp- og insektsartar forsvinna eller bli svært sjeldne, for over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytt til kulturlandskapet (DN 1999b). Område med biologisk verdifull myr har i noko grad vorte drenert og dyrka i løpet av 1900-talet. I dag er det stort sett stillstand i dyrkinga.

Spreiing av framande organismar

Menneskeskapt spreiiing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema, er eit aukande problem - både for vern av biologisk mangfald og med omsyn til verdiskaping. Innførte artar er ikkje tilpassa dei naturlege økosystema, og mange vil døye ut etter kort tid. Men dei som greier å etablere seg, har ofte ikkje naturlege fiendar som regulerer populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001a). Dette kan føra til at dei utkonkurrerer andre artar, og at heile økosystem vert endra. Gjennom signering og ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forplikta seg til m. a. å hindra innføring av, kontrollere eller utrydda fremande artar som trugar økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h).

Mink er døme på ein art som er komen til og har spreid seg i kommunen sin fauna dei siste 30-50 åra. **Platanløn** er eit innført treslag som no spreier seg i lauvskog på eiga hand.

Overhausting

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det foregår innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadene verta store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vera eit trugsmål mot arten sin vidare eksistens. I Noreg er eksempla på overhausting i nyare tid særleg å finna i havet.

Forureining

Dette kan opptre både i form av lokale utslepp, i form av langtransportert forureining som sur nedbør og radioaktivitet, og i form av utslepp som kan påverka heile kloden, som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk.

Langtransportert forureining har ikkje gjort merkbar skade på naturen i Møre og Romsdal. Det vert likevel reist spørsmål om nitrogennedfall kan ha ein effekt i svært næringsfattige økosystem som kystlynghei.

Eventuelle klimaendringar vil også kunne påverka naturen vår. I Noreg viser prognosar at det kan bli meir nedbør i vårt fylke. Temperaturen kan truleg stiga over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg i vår landsdel. Verknadene vil vera størst for fjellartar, og for varmekjære artar som har nordgrense for utbreiinga si i Noreg. Artar som har nordgrensa si i Noreg, t. d. mange varmekjære planter, soppar og insekt, vil kunne få ei større utbreiing.

Forvaltning av biologisk mangfald i kommunane

Verneområde

Skodje kommune har 5 verneområde i havstrand og skog (ein del av Liafjellet, Solnørvika, Ørnnakken, Straumsdalen, Skinstadreset). I tillegg er Solnørvassdraget verna mot visse typar inngrep. Tidlegare har Staten hatt ein vesentleg del av forvaltningsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret vert no gradvis overført til kommunane.

Resterande areal

På dei resterande delene av arealet i kommunen er landbruket, kommunen, det øvrige næringslivet og grunneigarane dei viktigaste aktørane. Kommunen har ei sentral overordna rolle fordi han er ansvarleg for ei samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan han eksproprierer, og er lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, vegleiing og informasjon.

Dei resterande areala må i første rekkje forvaltast av kommunen gjennom bruk av Plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversikt over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. Meir kunnskap gjev eit bedre vedtaksgrunnlag når avgjerdsler om utnytting av naturområde skal takast. Ifølgje St. meld. nr. 42 skal kommunane heretter utøva ei kunnskapsbasert naturforvaltning.

Aktiv sikring

Kommunane har dei juridiske virkemidla som trengst for å verna område (PBL §25-6 for regulering til spesialområde naturvern), men desse er lite brukt. Årsaka er ei frykt for å påføra kommunen eit erstatningsansvar overfor grunneigarar og andre som har rettar i områda.

Passiv sikring

Kommunen kan styra unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når ein skal byggja ut eller foreta naturinngrep. Ofte har ein alternative plasseringar for tiltak, og ein bør da velgja det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal vektleggast i planlegginga i kommunane (MD 2001b).

Grunneigaravtalar

Frivillige avtalar har den fordel at konfliktgraden ofte er låg og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtalar ofte noko usikre, mellom anna i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår.

Virkemiddel i landbruket

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå tilskot er det ikkje høve til å gjera større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. I tillegg vert det gjeve økonomisk støtte til tiltak som går ut over det ein reknar som vanleg landbruksdrift, t. d. skøtsel av kystlynghei, naturbeitemarker m.m. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane. Det er svært viktig at kommunane brukar dette høvet aktivt til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, og ikkje berre hus og kulturminne.

Formålet med rapporten

Hovudformålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

Nokre ord og uttrykk

Beitemarkssopp: grasmarkstilknytt soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

Biologisk mangfald omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

Edellauvskog: skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Skodje er det alm, ask, svartor og hassel som er aktuelle. Desse treslaga krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C (Hafsten 1972).

Indikatorart (signalart): ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisera ein verdifull naturtype bør helst ha fleire indikatorartar.

Kontinuitet: i økologien bruka om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyrning i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

Naturbeitemark: gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

Natureng: i snever forstand gamle slåttemarkar med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar blir omgrepet bruka i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarkar og naturbeitemarkar.

Naturengplanter: planter som er knytta til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarkar, og er dermed en parallell til beitemarkssoppene.

Nøkkelbiotop: ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett blir tilfredsstillt andre stader i landskapet.

Raudliste: liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

Signalart: blir i denne rapporten bruka omtrent synonymt med indikatorart. I "signalart" ligg det litt meir at ein bør vakna opp og leita etter fleire teikn på ein evt. verdifull lokalitet.

Tradisjonelt kulturlandskap: dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarkar, hagemark, slåttelundar og lynghei.

Truga artar: artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

METODAR OG MATERIALE

Innsamling av informasjon

Informasjonen kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, dels frå feltarbeid i samband med dette prosjektet, i første rekkje utført av forfattaren. I hovudsak kan ein seia at arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t. d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t. d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t. d. rik edellauvskog med alm eller hassel og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t. d. artsrike nordvende berg med sjeldan og kystbunden lavflora

Kartlegging av marine område og ferskvassfisk inngår ikkje i metodeopplegget.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, så samla inn ny kunnskap (feltarbeid), deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart og i rapport eller liknande.

Litteratur

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Skodje. Underteikna har saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga ein litteraturliste over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune. Eit søk på Skodje i databasen er presentert i litteraturoversikta attast i rapporten.

Oversikt over viktige litteraturkjelder med kommentarar

Tabell 3. Dei viktigaste skriftlege kjeldene som er bruka for å kartleggja eksisterande naturinformasjon frå Skodje, med kort skildring av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.

Kjelde	Kommentar
Angell-Petersen (1992)	Verneplan for barlind og kristtorn
Beyer & Jordal (1995)	Omtalar verdifulle kulturlandskap (Nedreli på Fylling)
Bendiksen m. fl. (1998)	Omtalar raudlisteartar av sopp, fleire er kjent frå Skodje
Dolmen (1991)	Amfibiar og insekt i fleire vassdrag i kommunen
Dolmen (1995)	Blodigle i Glomssetskardet, kjent nordgrense på dette tidspunktet
Folkestad & Loen (1998)	Skildrar fleire sjøfuglområde i kommunen
Folkestad (1976)	Skildrar naturkvalitetar i Skodje kommune
Folkestad (1978)	Gjennomgang av viktige våtmarkslokalitetar
Fremstad & Elven (1997)	Omtalar platanlønn med utbreiingskart, også Skodje er med
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernadv. (1997)	Naturbasen, utskrift for Skodje m. kart
Fægri (1960)	Utbreiingskart for kystplanter, nokre artar er også kjent frå Skodje
Fægri & Danielsen (1996)	Utbreiingskart for søraustlege planter, nokre artar er også kjent frå Skodje
Gjershaug m. fl. (1994)	Viser detaljerte kart over alle norske hekkfuglar
Gjærevoll (1990)	Utbreiingskart for fjellplanter, nokre artar også i Skodje
Gaarder & Jordal (2001)	Gjennomgang av funn av raudlisteartar i fylket av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl, nokre også frå Skodje
Gaarder & Melby (2001)	Oppsummerer kunnskapen om det verna Solnørvassdraget, med noko ny kunnskap
Gaarder m. fl. (2001)	Omtalar ei rekkje viktige naturtypar i Møre og Romsdal, som eit supplement til DN (1999a), mellom desse fleire viktige typar i Skodje

Kjelde	Kommentar
Holtan (1999)	Upublisert rapport med mykje bakgrunnsinformasjon frå heile kommunen
Holtan (2001)	Artikkel om barlind, med mange funn frå Skodje, eit kjerneområde på Nordvestlandet
Holtan (2001)	Artikkel om kranshinnelav ved Brusdalsvatnet, ny norsk nordgrense
Holtan m. fl. (1986)	Omtalar fleire strandområde
Jordal (1993)	Soppfloraen i Møre og Romsdal, nemner ein del soppfunn frå Skodje
Jordal & Gaarder (1997, 1998)	Nemner område og funn inkl. raudlisteartar frå beitemark
Jordal & Gaarder (1999)	Oppsummering av undersøkte kulturlandskap
Korsmo & Svalastog (1997)	Fagrapport som grunnlag for verneplan for barskog
Lindmo m. fl. (1991)	Omtalar lokalitetar for kristtorn og barlind
Mathiesen (1961)	Omtalar myggblom, fuglereir, nøkkesiv, blystorr dels i Skodje og dels i nabokommunane
Oterhals (1996)	Utkast til verneplan for havstrand og elveos, m. a. Solnørvika
Røsberg (1974)	Har undersøkt skogområde i kommunen
Steien (1984)	Bibliografi dels sortert på kommunar
Størmer (1967, 1969)	Behandlar mosar med kystutbreiing.

Museumssamlingar, databasar, Internett

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett. Dei ulike musea sine eigne plantedatabasar har kome til nytte via eit prosjekt om regionalt sjeldne planter (Gaarder & Jordal 2003).

Innsamling frå personar

Ei rekkje einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Skodje. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne bruka noko meir tid til dette.

Eigne registreringar av biologisk mangfald i kommunen

I 1992-1998 har den eine av forfattarane (J. B. Jordal) saman med Sigmund Sivertsen og Geir Gaarder undersøkt ein del kulturlandskapsområde i kommunen (Jordal & Sivertsen 1992, Jordal & Gaarder 1997, 1999). I tillegg har Gaarder & Jordal (2001) samla opplysningar om raudlisteartar av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfuglar frå alle kommunar i fylket inklusive Skodje. Feltarbeidet er truleg den delen av prosjektet som får størst verdi for kommunen på lengre sikt, sidan mykje ny kunnskap er samla og systematisert.

Eit utval lokalitetar er registrert meir detaljert. Floraen er undersøkt ved at det er laga krysslister for dei kartlagte lokalitetane. Særleg interessante funn er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vegetasjonen er kartlagt i grove trekk etter vegetasjonstypane hos Fremstad (1997).

Sopp er særleg samla i gammal grasmark i område med tradisjonelt kulturlandskap, sidan ein del slike artar kan brukast til å verdsetta slikt landskap (sjå nedanfor).

Interessante fugleobservasjonar er notert i samband med alt feltarbeidet.

Artsbestemming og dokumentasjon

Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Elven m. fl. (1994), og norske namn følgjer også denne utgåva. Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 1994). For andre artar har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsén (1984). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m. fl. (1994), Moberg & Holmåsén (1986) og Tibell (1999). Særleg interessante funn (planter, sopp) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vitskaplege namn følgjer dei publikasjonane vi har bruka i arbeidet. Namnsetting av fugl følgjer Gjershaug m. fl. (1994).

Verdsetting og prioritering

Generelt

Ved verdsetting av naturmiljøet blir det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller arter høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og arter som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og arter som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

Kriteriar og kategoriar

Ein viser her berre til verdsettingskriteria i DN (1999a). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria for naturtypar og raudlisteartar innarbeidde, det gjeld også kriteria frå vilthandboka (DN 1996). Kriteria gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" ikkje presentert i handboka. Ein del lokalitetar som truleg ikkje bør koma i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. forekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særleg velutvikla og artsrike. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

Avvik frå DN-handboka i denne rapporten

For det første har vi brukt ein naturtype som ikkje er omtala i DN-handboka, nemleg Berg/rasmark: nordvendte kystberg (Gaarder m. fl. 2001), denne er nærare skildra under omtalen av dei ulike hovudnaturtypane lenger bak.

Rapportforfattarane er vidare usamd med DN-handboka på nokre punkt

- DN-handboka vil føra alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig)
- DN-handboka vil føra alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig)

Desse kriteria gjer det vanskeleg å skilja mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsettast ulikt. Når det gjeld rik edellauvskog er ein ikkje usamd i at lokalitetane blir sjeldnare nordover, men grensa for å føra alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker meiner undertekna at krava for å koma i kategori A bør vera noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av rik edellauvskog:

- A (svært viktig)** større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar (m. a. almlindeskog) og/eller raudlisteartar i høgare kategori (E eller V)
- B (viktig)** mindre velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar, raudlisteartar i lågare kategori (DC, DM, R)
- C (lokalt viktig)** mindre velutvikla skogparti med spreidde edellauvtre og få varmekjære planteartar (t. d. dårleg utvikla gråor-almeskog)

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av naturbeitemarker:

- A (svært viktig)** velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, forekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
- B (viktig)** lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med forekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande
- C (lokalt viktig)** lokalitetar som er små eller litt attgrodde eller dårleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.

Viltlokalitetar

Dette prosjektet har og omfatta midlar til viltkartlegging, som er nytta til ei oppdatering av grunnlagsmaterialet i kommunen sitt viltkart. Storvilt er ikkje prioritert i denne omgang, sidan kunnskapen om dette i stor grad sit lokalt. Innsamling av data om hekkeområde for t. d. sjøfugl og rovfugl er prioriterte i prosjektet. Elles er viktige overvintringsområde for sjøfugl med. Ein viser til handbok i viltkartlegging (DN 1996). Noko nytt viltkart er

ikkje eit siktemål i denne omgang. Ein har derfor ikkje foretatt vektning av viltdata og avgrensing av nye område. Det viktigaste er å ta vare på ny informasjon om vilt ved å oppdatera oversikta over viltobservasjonar (ikkje presentert i rapport) og laga eit skriftleg oversyn over gamle og nye viltområde.

Område med dårlege data eller usikker status

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er samla i kapitlet "Område med dårlege data eller usikker status". Ein kan her berre visa til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte:

- lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller ein har for dårlege data om lokaliteten
- lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til å avgrensa lokaliteten
- DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påvist på vedkomande lokalitet

Bruk av truga vegetasjonstypar

Ein rapport om vegetasjonstypar som er truga nasjonalt (Fremstad & Moen 2001) er bruka som støtte i verdsettinga.

Bruk av raudlisteartar/signalartar

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til opprumsa mange artar som er funne på staden. Dette kan vera for å illustrera trekk ved t. d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdsetta lokaliteten. Nokre artar blir lagt særleg mykje vekt på i verdsettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Signalartar blir kort omtala her. Nedanfor blir det opprumsa ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdsettinga.

Edellauvskog: t. d. svarterteknapp, breiflangre, vårerteknapp, ramslauk, sanikel, vårmarihand

Rikmyr: breiull, engmarihand, engstorr, loppestorr, jåblom, gulstorr, stortviblad

Naturbeitemark: ei rekkje artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995).

Presentasjon

Generelt

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar, samt litt historikk omkring utforskinga av Skodjenaturen og om bruken av naturen, er samla i eit kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel. Deretter kjem betraktningar omkring kvaliteten på datagrunnlaget etter den kunnskapen som no er samla. Sist i rapporten er presentert litteraturliste for Skodje og ulike artslistar. Dette er i hovudsak plante-, lav- og sopplister frå einskildlokalitetar, men og moseliste for ein lokalitet og fugleliste for heile kommunen. Lavlistene stammar særleg frå undersøking av bergveggar og skog. Sopplister for lokalitetar stammar frå undersøkingar av kulturlandskap, i første rekkje naturbeitemark, og dessutan einskilte skoglokalitetar.

Områdeskildringar

Dei undersøkte lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgd DN (1999a) med nokre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er velt frå 1 og oppover. Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For dei fleste lokalitetar kan fysiske inngrep verta ein trussel før eller seinare. For edellauvskog er stort sett treslagskifte ført opp sjølv om dagens eigarar ikkje har planer om noko slikt.

Kartavgrensing

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på økonomisk kart 1:10 000 som er overlett til kommunen, som så har digitalisert dei. Avgrensingane vert ikkje så svært nøyaktige i denne målestokken. Ved tilgang på digitalt kartgrunnlag ville ein kunne plassera ein del ting meir nøyaktig med utgangspunkt i GPS-målingane som er gjort. Ein må oppfatta avgrensingane som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta befarings for å få ei meir detaljert avgrensing.

NATURGRUNNLAG

Landskap m.m.

Skodje er ein av kommunane i Sunnmøre fogderi, som er ein del av Møre og Romsdal fylke. Fastlandsarealet er oppgjeve til 118,4 km², noko som gjer Skodje til ein av dei minste kommunane i fylket. Spennvidda i naturtypar er likevel ikkje så liten, frå djup fjord via grunner, holmar, skjær, strandberg, strender, jordbrukslandskap, skog, myr og hei til snau fjell med eit visst alpint preg. Etter siste istida vart Skodje isfri for rundt 12000 år sidan (Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.4). Etter den tid har landet heva seg rundt 40-50 meter (Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.3).

Tabell 4. Nokre geografiske data for Skodje kommune. Kjelder: Statistisk sentralbyrå 2001, Skodje kommune.

Parameter	Verdi
Areal (fastland)	118,4 km ²
Del av fylket sitt areal	0,8 %
Skogareal	88 km ²
Myrareal	3 km ²
Høgaste punkt	807 m o. h. (Frostadtinden)
Største havdjup	593 m (Storfjorden)
Kystline	fastland: 87,7km, øyar: 25 km
Talet på øyar (totalareal)	75 (1,7 km ²)
Talet på ferskvatn (samla areal)	68 (totalt 9,1 km ²)
Areal 0-150 m o.h.	71 km ² (59,3%)
Areal 150-300 m o.h.	26 km ² (22,1%)
Areal 300-600 m o.h.	20 km ² (16,9%)
Areal 600-900 m o.h.	2 km ² (1,7%)
Areal >900 m o.h.	0

Klima

I det store og heile er klimaet i Skodje nokså kystprega (oseanisk). Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er milde vintrar og relativt liten skilnad på sommar- og vintertemperatur. På verstaasjonen på Skodje ligg temperaturen godt over 0°C som gjennomsnitt for januar, og dette er faktisk om lag det same som t.d. fleire stasjonar på ytterkysten. Gjennomsnittstemperatur for juli-august er så vidt over 13°C. Vidare er det relativt mykje nedbør (årsnedbør 1700 mm er ganske mykje). Berre to av månadene har under 100 med mer nedbør. Det er også hyppig nedbør, >220 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året i vestlege deler, og ned mot 200 dagar i austlege deler. Kjelde: Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjonen og floraen i kommunen viser da også mange oseaniske trekk, ved at ei rekkje kystplanter er vanlege over det meste av kommunen.

Tabell 5. Temperaturnormalar for Skodje i perioden 1961 – 1990. Kjelde:

http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal.

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
60830	Skodje	26	0,6	0,8	2,3	4,5	9,2	11,9	13,1	13,3	10,2	7,6	3,3	1,4	6,5

Tabell 6. Nedbørnormalar for Skodje i perioden 1961 – 1990. Kjelde:

http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal.

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
60830	Skodje	26	151	133	135	106	73	78	102	122	212	207	190	211	1720

Geologi

Berggrunnskart i målestokk 1:250.000 finst tilgjengeleg for området (Tveten m. fl. 1998). Det finst og mellombelse geologiske kart i målestokk 1:50000 for deler av kommunen i svartkvitt (kartblad 1220 III Brattvåg, NGU 1989 og kartblad 1219 IV Sykkylven, NGU 1991). Mesteparten av kommunen er prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter

som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Utanom grunnfjellbergartane finst yngre glimmerhaldige bergartar (glimmergneis m.m.) som er ein utløpar frå Trondheimsfeltet. Slike bergartar finst i eit mindre område sørvest for Glomset. Kalkkrevande planter er mindre vanlege i Skodje.

Lausmassar

Viktigaste kjelda om lausmassane i kommunen er kvartærgeologisk kart for Møre og Romsdal i målestokk 1:250 000 (Follestad 1995). Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er noko fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Lausmassane elles er i stor grad morenemasse frå siste istida, og desse finst over mesteparten av kommunen. Lausmasse avsett av elvar finst m.a. langs Solnørrelva. Marine strandavsetningar finst ganske utbreidd på sørsida av Skodjevika (Solnør-Valle). Strandflatene er i stor grad utnytta til jordbruksland. Lausmasseforekomstane på og nær strender er påverka av kor utsett stranda er for ver og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vera bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire. Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta strendene. I hei- og myrområda har det etter istida danna seg lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote. Slike torvlag finst m.a. i Solnørdalen.

Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Skodje høyrer her til region 37 Vestlandets lauv- og furuskogsregion, underregion 37f, Nordfjord og Sunnmøres fjordstrokk.

Noreg sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke viser vi til kartet utgjeve av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998). Skodje tilhøyrer i denne samanheng region 21 (Vestlandets ytre fjordbygder, søraustlege deler av kommunen).

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgje **vegetasjonssone** og **vegetasjonsseksjon**.

Vegetasjonssonar beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå og opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

Boreonemoral sone (nordleg edellauvskog- og barskogsone)

Sørboreal sone (sørleg barskogsone)

Mellomboreal sone (midtre barskogsone)

Nordboreal sone (fjellskogsone)

Alpine soner (Låg-, mellom- og høgalpin sone)

Vegetasjonen i Skodje fordeler seg på fleire av sonene. Små areal kan førast til boreonemoral sone (sørsida av Uksenøya). Praktisk tala alle bygdene og jordbruksområda tilhøyrer den sørboreale sonen. Høgareliggjande skogområde tilhøyrer mellom- og nordboreal sone. Dei små areala med snauffjell tilhøyrer den alpine sonen (Moen 1998 s. 94).

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** blir bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk blir bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental blir bruka tilsvarende om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

O3. Sterkt oseanisk seksjon: Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sonen blir delt i to underseksjonar:

O3t. Vintermild underseksjon. Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Ålesund.

O3h. Humid underseksjon. Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekkje fjellplanter m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

O2. Klart oseanisk seksjon: Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok i fylket vårt.

O1. Svakt oseanisk seksjon: Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekkje svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafor, frå Geiranger til Trollheimen.

OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar): Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkessamfunn. Til denne seksjonen høyre berre nokre mindre område i austlege deler av Sunndal, Skodje og Rauma.

Vegetasjonen i Skodje tilhøyrer stort sett den klart oseaniske seksjonen (O2) (Moen 1998, s. 126). I ytre deler tilhøyrer ein mindre del sterkt oseanisk seksjon (O3).

HOVEDNATURTYPAR

DN (1999a) opererer med 7 hovudnaturtypar: havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, rasmark, berg og kantkratt, og fjell. Innanfor desse er det så skildra 56 prioriterte naturtypar. Dei typane som er viktigast i Skodje, vert omtala nedanfor.

Havstrand/kyst

Skodje er ein fjord- og skogkommune. Heile kommunen består av fastland med ei strandline på 88 km (+ 25 km på øyar). Langs mesteparten av denne strandlina er terrenget nokså bratt, og lausmassar er vaska vekk, slik at ein får strandberg. Strandberg skal berre registrerast som prioritert naturtype dersom dei er kalkrike, og det har vi ikkje funne til no. Der Solnørelva renn ut er hellingsvinkelen der hav og land møtest låg, og her er det meir strandflater med litt finkorna masse, og litt strandenger. Fleire andre stader er det små bukter og små flate område. Ein har ikkje avgrensa nokon av desse, m.a. fordi det helst er større strandengområde som skal prioriterast.

Kulturlandskap

Jordbruket i kyst- og fjordstroka har ei historie som strekkjer seg meir enn 4000 år attende. Jordbruket i Skodje er også svært gammalt.

Lang kontinuitet i slått og beiting gjev tilhøve for mange beiteavhengige artar, særleg av planter og sopp. Desse er likevel svært vare for teknikkar i det moderne jordbruket, som oppdyrking, pløying, gjødsling og innsåing av innkjøpt frøvare. Mykje tidlegare udyrka eller overflatedyrka natureng vart fulldyrka etter 1900. Det som i dag er mest artsrikt, er gamle beitemarker som ikkje har vore oppdyrka. Desse finst no nokså spreidd rundt i kommunen. Dessverre går husdyrhaldet attende, og mange av dei attverande lokalitetane gror no att.

Mange av gardane hadde setrar. Desse er i dag nedlagt og delvis attgrodd. Likevel går det fleire stader beitedyr framleis. Særleg overraskande var det å finna ein kjempebestand av solblom med mange tusen blomsterstenglar på Storsetra. Utan beiting vil det gamle kulturlandskapet etter kvart gå tapt og artane som er knytt til dette landskapet gradvis forsvinna.

Ferskvatn

Dei fleste ferskvatna i Skodje er næringsfattige, men unntak finst. Særleg interessant i Skodje er dammar/småtjønner, bekkedrag og småelvar. M.a. er Skodje ein viktig kommune for padde og augestikkarakar (m.a. den flotte kongeaugestikkaren som og står på raudlista), og ein annan spennande art, blodigle, som er funnen 3 stader, og har nordgrense i Skodje. Blodigla kan vera ei overleving etter ei tid da ein dreiv oppdrett av desse til medisinske føremål. Ein prioritert naturtype som kan vera aktuell for desse artane, er naturleg fisketomme vatn, men denne typen har ein ikkje hatt nok tid til å undersøkje. Solnørvassdraget som er eit velutvikla meanderande vassdrag i grensestroka mot Ørskog nedst i dalen. Vegetasjonen langs elva er tidlegare undersøkt og skildra av Melby & Gaarder (2001).

Myr

Det er oppgjeve at Skodje skal ha 3 km² myr. Desse førekjem m.a. ved Svartløkvatnet. Det kan finnast diverse rikmyrflekker som enda ikkje er oppdaga, dels som småflekker på i skogen eller skogbandet. Det aller meste er nedbørsmyr/fukthei og fattigmyr.

Skog

Skodje har ein god del skog, totalt er det oppgjeve til 88 km² under skoggrensa. Dette er dels lauvskog og dels furuskog. Innslag av edellauvskog, særleg med mykje hassel, men og med innslag av alm, finst nokre få plassar, m.a. Bruna ved kommunegrensa til Ålesund på Uksenøya, Gylet ved Engeset og Øyedalen. Skodje er ein av dei kommunane i fylket som har mykje furuskog nær kysten. Tidlegare har nok skogen stadvis vore utnyttta hardare enn i dag. I bygdebok for Skodje (Giske 1986) står følgjande skildring frå 1600-1700-talet: "Denne tida vart skogen sterkt uthogde, med den fylgje at styresmaktene sette ned forbod og la restriksjonar på sagbruka, sager vart brotne ned og øydelagt... I 1719 fekk alle skogeigarar i Skodje åtvaring mot misbruk av skogen". Litt av furuskogen verkar i dag likevel nokså gammel med innslag av gadd og einskilde læger. Ørnnakken er eit område som er verna på grunn av mange kvalitetar som kystnært gammalskogsområde. Det same gjeld Liafjellet som dels ligg i Ørskog. I tillegg er det avgrensa fleire andre område som har liknande kvalitetar. Ei spesiell utforming

av edellauvskog finst i nordvendt li ved Sandvika ved Brusdalsvatnet. Denne har eit både fuktig og varmt lokalklima med lav- og moseartar som stiller strenge krav til miljøet (truleg ein av dei få stadene i fylket som kan kallast "boreonemoral regnskog"). Elles finst velutvikla flommarkskog med gråor og hegg somme stader, m.a. ved Engesetelva. Eit spesielt innslag i dei vintermilde kystskogane i Skodje er store mengder barlind. Barlind er eit kravfullt treslag med omsyn til klima, og Skodje er utan tvil den viktigaste barlindkommunen i Møre og Romsdal. Det hadde vore ønskjeleg med ein skjøtselsplan for barlind, sidan han er utsett for beiting av hjort og treslagskifte til gran, og stort sett har dårleg forynging som følgje av dette.

Berg, rasmak og kantkratt

Naturtypen oppstår der terrenget er bratt, og det ikkje så lett veks opp skog pga. topografi og raspåverknad. Skodje kommune har ein god del fjell, men ikkje særleg mykje berg og rasmak. Den prioriterte naturtypen sørvendt berg og rasmak kan finnast i mosaikk med hasselskog i lågareliggjande sør- til vestvendte fjellsider, men er ikkje avgrensa. Nordvendte kystberg er ein type med oseaniske mosar, lav og planter. Det er svakt innslag av denne typen i Sandvika.

Fjell

Skodje har litt fjell, men ikkje særleg høge. Det einaste som skal reknast som prioritert naturtype er kalkrike område i fjellet. Det er ikkje prioritert å leita etter denne typen, sidan han er lite truga, og det er grunn til å tru at det er lite av han. Ut frå berggrunnskart og nærleiken til havet ventar ein ikkje å finne rike fjellplanteområde i kommunen.

LOKALITETAR

Oversikt

Databasen over verdifulle naturområde i Skodje kommune omfattar ved slutføring av dette prosjektet 47 lokalitetar. Rundt 22 av desse fanst i Naturbasen hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal (når ein ser bort frå reine viltlokalitetar, t.d. sjøfuglholmar). For mange av desse kjende lokalitetane har det kome til nytt datamateriale. Dei andre har kome fram gjennom dette prosjektet. For fleire av dei "nye" lokalitetane fanst det også eldre data, medan ein del lokalitetar har vore bortimot ukjende fram til no.

Nedanfor er alle lokalitetane lista opp med nummer, delområde, namn, naturtype og naturverdi.

Følgjande forkortingar er nytta: AAF=Arne A. Frisvoll, AM=Asbjørn Moen, DH=Dag Holtan, GGa=Geir Gaarde, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG= Karl Johan Grimstad, PL=Perry Larsen, TCM=Tore C. Michaelsen.

1 Liafjellet naturreservat (gammal barskog)

Lokalitetsnummer:	1529-1 (Naturbasen 152910307)
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	LQ 841 308
Høgde over havet:	100-525 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gammal barskog, bjørkeskog med høgstauder
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (verna som naturreservat 17.12.1999)
Undersøkt/kjelder:	Korsmo & Svalastog (1997), Haugen (1992), Naturbasen, 24.10.1999, DH, GGa, KJG

Områdeskildring

Generelt: Liafjellet er ein åsrygg opp mot ca 525 moh. sør for Solnørvassdraget, som ligg dels i Skodje og dels i Ørskog og er verna som naturreservat. Avgrensinga følgjer reservatgrensene. Skogkledd opp til 360 moh., det meste er nord og vestvendt. Området er tilnærma urørt og urskogsnært, med furutre i alder opp til 370 år.

Vegetasjon: Tydeleg høgdegradient i dei fattige furuskogstypene frå tresett fjellmyr øvst, via røsslyng-blokkebærfuruskog og ned til dei litt frodigare blåbærfuruskogane med artar som bjønnekam, engmarimjelle og storfrytle. Nokre stader er jordsmonnet rikare med innslag av lågurtfuruskog. Her kan ein finne barlind og hassel. Slike stader er også platanlønn under ekspansjon. Små flekkar av andre vegetasjonstypar er også representert, m.a. storbregnebjørkeskog og ulike myrtypar.

Kulturpåverknad: Spor av hogst i eldre tid i deler av lokaliteten.

Artsfunn: Fleire sjeldne og dels truga artar førekjem, som barlind (5 individ, alle er truleg i Skodje), og den sjeldne og kravfulle skorpelaven *Pyrenula harissii*, som finst på hassel i kystfuruskog. Det er observert mår og konstatert hekking av hønsehauk.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av den stadvis urskogsnære tilstanden og førekomst av fleire interessante artar. Det er stor spennvidde i vegetasjonstypar, høgdeforskjellar og eksposisjonar.

Skjøtsel og omsyn

Området er verna, og det er ei målsetting med dette å halda området mest muleg urørt.

2 Solnørvika naturreservat (havstrand)

Lokalitetsnummer:	1529-2 (naturbasen 152910305)
Kartblad:	1219 I Stranda, 1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 816-828, 302-308
Høgde over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvassdelta, strandenger/strandsumpar, undervassenger
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (verna som naturreservat)
Undersøkt/kjelder:	Holten et al. (1986), Oterhals (1995), Melby & Gaarder (2001)

Områdeskildring

Generelt: Inste del av vika ligg i Skodje, det er her naturreservatet ligg. Lokaliteten er utløpsos for det verna Solnørvassdraget, som og er lakse- og sjøauførande. Det er ein godt skjerma vågos med gruntvassområde og strandenger. Strandengene viser spesielle og interessante overgangar mellom ulike vegetasjonsstypar.

Lokaliteten har i tillegg lokal verdi som overvintrings- og rasteplass for våtmarksfugl, og viktig funksjon for andre våtmarkstilknytte fugleartar. Lokaliteten er avgrensa som naturreservatet.

Vegetasjon: Det er registrert saltsiv-eng, raudsvingel-eng, strandkjempe-eng, fjøresivaks-eng, lågurt-fleirårsvoll og mjøduert-voll (Holten et al. 1986). I gruntvassområda er det ålegrasenger, truleg over eit større område enn reservatet (ikkje undersøkt).

Kulturpåverknad: Stort sett mindre inngrep. Riksvegpylling berører strandengene i indre deler. Grenser mot lokal veg. Kraftkabel går på land, kabelskilt, lite elvekraftverk i elva utanfor lokaliteten.

Artsfunn: Relativt artsfattig strandeng med 24 artar (Holten m. fl. 1986). Overvintring av songsvane.

Verdsetting: Sidan det ikkje finst større havstrandlokalitetar innover fjordane på Sunnmøre, er lokaliteten av mellom anna den grunn vurdert som verdfull som typeområde for vågosstrand. Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit strandområde med ein del lokale/regionale funksjonar.

Skjøtsel og omsyn

Målsettinga med verneforslaget er at området skal bevarast mest muleg urørt i framtida.

3 Solnør: Dragsundet (havstrand)

Lokalitetsnummer:	1529-3
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 828 309
Høgde over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Strandeng/strandsump
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	05.06.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Straumen ligg ved sida av Solnørvika, og er eit trongt sund som fører frå Solnørvika til Skodjevika. Her finst på austsida smale strandenger, og stadvis soneringar opp til lite saltpåverka vegetasjon, stor sett ganske påverka av steinfyllingar tett inntil.

Vegetasjon: Vegetasjonen på havstrand er delvis saltsivenger, delvis havstorreng, delvis driftvollsamfunn og bakre enger.

Kulturpåverknad: Europavegen går inntil og har fyllingar dels ut i strandengene, fiskebryggje med tilkomstveg, næringsbygg inntil. Sjølve Straumen er ein utsprengt kanal.

Artsfunn: I 2002 vart det funne gulfrøstjerne, som er ei regionalt uvanleg plante, dessutan havstorr, strandstjerne og strandkjeks.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå ytterlegare inngrep.

4 Solnørdalen: Engjvatnet m.m. (ferskvatn)

Lokalitetsnummer:	1529-4
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	LQ 849, 315-317
Høgde over havet:	50 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Kroksjøar, flomdammar og meandrerande elvestrekningar
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	19.07.1996, DH, 24.10.1999, GGa, DH, KJG (Melby & Gaarder 2001), 05.07.2002, DH

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten omfattar ei av de mest velutvikla meandrerande elvestrekningane i låglandet i Møre og Romsdal, mesteparten ligg i Ørskog (sjå tilsvarende rapport om Ørskog kommune). Leveområde for fleire truga artar. Myra er teke med i kartavgrensinga som ei buffersone mot vatnet, saman med kantvegetasjonen rundt heile lokaliteten. Dette er ikkje berre for å sikre ei buffersone, men av di også amfibian nyttar desse områda.

Vegetasjon: Flyteblad- og langskotvegetasjon, m.a. bukkeblad, elvesnelle, flasketorr, kvit nykkerose, myrhatt, skogrøykvein og trådstorr, med noko torvmose (*Sphagnum*) i kantane.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er berre i liten grad påverka av forbyggingar og tekniske inngrep, og verkar heller ikkje særleg påverka av vassforureining.

Artsfunn: Mest interessant i området er førekomst av raudlisteartane kongeaugestikkar (R) og elvemusling (V). Av augestikkarar er det funne heile 13 artar, som gjer Engjvatnet til det beste vatnet på Sunnmøre for denne artsgruppa til no. Følgjande artar er registrerte: brun augestikkar *Aeshna grandis*, firefleck-libelle *Libellula quadrimaculata*, fjellaugestikkar *Aeshna caerulea*, kongeaugestikkar *Cordulegaster boltoni*, lita torvlibelle *Leucorrhinia dubia*, raud vassnymfe *Pyrhosoma nymphula*, smaragdaugestikkar *Cordulia aenea*, stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, svart haustlibelle *Sympetrum danae*, vanleg augestikkar *Aeshna juncea*, vanleg blåvassnymfe *Coenagrion hastulatum*, vanleg metallaugestikkar *Somatochlora metallica*, vanleg metallvassnymfe *Lestes sponsa*. Lokaliteten er og noko nytta av våtmarksfugl som hekke- og næringsområde. *Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten er ei velutvikla meandrerande elv (ein regionalt sjeldan naturtype) og hyser bestandar av fleire krevjande raudlisteartar med få og sårbare førekomstar i fylket.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining, vidare bør inngrep i kantskog og kantvegetasjon unngåast. Myrområda inntil vatnet bør grøftast eller drenerast, her bør heller ikkje verte veganlegg eller bygningar.

5 Solnørdalen: Sætrelia/Ospehaugen (kystfurskog m. barlind)

Lokalitetsnummer:	1529-5
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 85-86, 33
Høgde over havet:	180-300 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Kystfurskog, rik edellauvskog m.m.
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Store vinterstammar av hjort, flatehogst/treslagskifte, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	26.05.1999 og 01.06.2002, DH

Områdeskildring

Generelt: Dette området huser truleg den største barlindbestanden i Møre og Romsdal. Området ligg dels i Skodje, dels i Ørskog. Det strekkjer seg frå Ospehaugen i vest (på sørsida av skogsvegen ved Apalviksætra) innover mot Sætrelia og følgjer denne i om lag 200-300 meters høgde om lag 600 meter inn i Ørskog kommune (sjå tilsvarende rapport om Ørskog kommune). Området ligg rett sør og aust for Apalviksætra, og er eksponert mot sørvest.

Vegetasjon: I sjølve Sætrelia i aust er det furu- og lauvskog (mest bjørk, noko hassel og alm) med blåbær- og småbregnevegetasjon, medan den delen som ligg ved Ospehaugen er blåbærfurskog.

Kulturpåverknad: Mykje av Sætrelia er splitta opp av mindre hogstflater, vegar og plantefelt. Platanløna kjem inn som ei følgd av dette, på Ørskogsida jamvel i bestand, men ho spreier seg i heile lia. Det er registrert hogst av barlind.

Artsfunn: Mest interessant i området er førekomst av barlind. Det vart i heile lokaliteten (både Skodje- og Ørskog-sida, om lag halvparten i kvar kommune) talt opp 164 plantar med stort og smått, daude og levande, men her er truleg fleire. Forynginga må seiast å vere god (talt 55 unglplantar i storleiken 30 cm til om lag 1,5 m), truleg den beste i fylket og den beste nord for Sunnfjord. Mest alle gamle plantar har beiteskadar etter hjortedyr, og dette gjeld òg dei fleste unglplantane i Sætrelia. Det var difor særskilt overraskande å notere heilt uskadarde plantar i delområdet ved Ospehaugen, jamvel med intakte seinkarar (nedbøygd greiner som kan setje røter), og eit fleirtal av unglplantane her er fine å sjå til. Truleg er her såpass med snø at hjorten trekkjer vekk om vinteren. På barlind er sopparten *Capnobotrys dingleyae* funnen. Denne var ikkje kjent frå Noreg før han vart oppdaga spreidd på barlind på Sunnmøre for eit par år sidan. Av planter er det m.a. notert breiflangre, firblad, furuvintergrøn, jordnøtt, liljekonvall, myske, olavsstake, ramslauk, sanikel, skogfredlaus og trollbær. Av fugl finst m.a. den raudlista kvitryggspetten og storfugl.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at dette er ein sers viktig bestand av barlind, ein av dei viktigaste lokalitetane i arten sitt kjerneområde på Nordvestlandet.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje utføra meir treslagskifte i området. Vinterstammene av hjort burde ha vore mindre tette enn dei er i dag. Barlind må ikkje hoggast. Platanløna burde ha vore fjerna. Ein skjøtselsplan for barlinden er ønskeleg.

6 Sætreffjellet, nordsida (barlind)

Lokalitetsnummer:	1529-6
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 84-85, 34 (ED50?)
Høgde over havet:	100-220 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Andre viktige førekomstar
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Hjortebeiting, fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	09.07.1991, Lindmo m. fl. (1991)

Områdeskildring

Generelt: I den slakke nordvestskråninga av Sætreffjellet vart det funne barlind sør for vegen til Steinsetsetra. Berggrunnen er gneis.

Vegetasjon: Vegetasjonen er furuskog og blandingsskog furu-bjørk, som nedst går over i fukthei og myr. Mykje einer i busksjiktet. Innslag av gråor og rogn. Mest fattig blåbær-bregneskog, men litt innslag av lågurter.

Kulturpåverknad: Svak beiting av storfe og sau. Skogen er truleg i fortetting pga. lågt beitetrykk. Litt planta gran.

Artsfunn: Tre individ av barlind er registrerte, alle hannar. Den største hadde tre stammar, den høgaste av desse var 5 m høg og med omkrets på 85 cm. Heimelsmannen deira, Arne Solnørdal, meinte at det fanst ca. 10 barlindar i området. Elles vart det registrert olavsstake, som er regionalt sjeldan.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit område med nokre barlindkloner, det vil seia eit av dei mindre viktige i bestandssamanheng i distriktet.

Skjøtsel og omsyn

Barlind bør ikkje hoggast. Ein bør unngå treslagskifte og fysiske inngrep.

7 Fylling: Steinsetsetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1529-7
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 865 347
Høgde over havet:	200 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	07.09.1995, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1997, 1999)

Områdeskildring

Generelt: Setrane ligg omkransa av skog og myr i nærleiken av Fyllingselva og Mevatnet. Marka er dels ganske fuktig og myrlendt.

Vegetasjon: Delvis frisk fattigeng (G4).

Kulturpåverknad: Tidlegare seter, noko er dyrka, noko er naturbeitemark.

Artsfunn: Utvalet av planteartar var trivielt, og det vart berre funne to beitemarkssopp. Den eine av desse var *Entoloma caesiocinctum*, ein uvanleg art som og står på raudlista. Undersøkingane vart avslutta utan å ta fullstendig planteliste. Det vart mellom anna notert aurikkelsvæve og kornstorr.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei typisk naturbeitemark for regionen med mindre areal interessant vegetasjon, og eit trivielt artsutval.

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram.

8 Svartløkvatnet: vestenden (ferskvatn, myr)

Lokalitetsnummer:	1529-8
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 88-89, 35-36

Høgde over havet: 190-200 m
Hovudnaturtype: Myr, ferskvatn
Naturtype: Rikmyr, intakt låglandsmyr
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Hytte- og vegbygging, andre fysiske inngrep, forstyrning
Undersøkt/kjelder: 07.09.1958, Bjarne Mathiesen (Mathiesen 1961), 12.07.1971, A. Skogen & E. Fremstad, 24.10.1999, DH, GGa, KJG, Samlet Plan for vassdrag 1984, Loen 1991, Frøland 1999, Melby & Gaarder (2001), 05.07.2002, DH

Områdeskildring

Generelt: Svartløkvatnet utgjer ein del av eit større våtmarkssystem som dels ligg i Ørskog, dels i Skodje. Vatnet er nokså næringsfattig. Lokaliteten er eit stort myr-, sump- og gruntvannsområde i sørvestenden av Svartløkvatnet. Her blir omtala den delen som ligg i Skodje, lokaliteten fortsett inn i Ørskog kommune. Området har viltfunksjon og botanisk verdi. Store bakkemyrar og flatmyrar dominerer landskapet i tillegg til bjørkeskog og furusumpskog. Område er viktig som hekkeplass og næringsområde for mange våtmarksfuglar, deriblant fleire som er regionalt sjeldne.

Vegetasjon: Myrområda er stort sett fattige, men også med innslag av rikmyr, særleg under kraftlina (LQ 880, 356-358).

Kulturpåverknad: Tidlegare seterdrift inntil lokaliteten. Sumpskogen (furu) er hogd heilt ned til vatnet og det er planta gran (LQ 883 358). Området er mykje nytta til utfart vinterstid, og har fleire hytter.

Artsfunn: Mest interessant floristisk sett er førekomst av engmarihand (ikkje attfunnen i 2002), breiull og blystorr i område inntil vatnet. Andre rikmyrsartar er bjønnbrodd, dvergjamne, fjelltistel, gulstorr, jåblom, loppestorr, myrsaulauk og svarttopp. Ei rad vassfuglar har tilhald i våtmarka her oppe. Den raudlista tranen blei sett i hekketida frå 1995, men ikkje etter 2000. Den raudlista storlomen har truleg gått ut som hekkefugl. Songsvana hadde tilhald her nokre somrar tidleg på 1990-talet. Av andefuglar hekkar fleire artar grasender, og det same gjeld for toppand (sporadisk), kvinand og siland. Gluttsnipa hekka her i åra 1989-1996, men ho ser ut til å vere forsvunnen (dette var den einaste hekkepassen som var kjend på Sunnmøre), medan enkeltbekkasin, raudstilk og strandsnipe framleis finst. Elles er her mange sporvefuglar, og til saman hekkar det 30-40 artar i området.

Verdsetting: Området har både botaniske verdiar og viltfunksjon. Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av det er eit større myrområde med velutvikla rikmyr og regionalt sjeldne planteartar. I tillegg har lokaliteten viltfunksjon for dels raudlista artar. Samletema biologisk mangfald får da også utan tvil verdi A. Lokaliteten utgjer ein sentral del av eit av dei største og viktigaste høgareliggjande myr- og våtmarksområda på Sunnmøre.

Skjøtsel og omsyn

Fuglelivet er sårbart for forstyrning og fysiske inngrep i gruntvass- og myrområda. Sumpområda bør ein vurdere å restaurere og fjerna granplantene.

9 Storlia (nordsida av Svartløkvatnet) (bjørkeskog m. barlind)

Lokalitetsnummer: 1529-9
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 893 370
Høgde over havet: 200-350 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Gammal lauvskog, rik edellauvskog, andre viktige førekomstar
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, flatehogst
Undersøkt/kjelder: Mathiesen (1961), 24.10.1999, DH, GGa, KJG (Melby & Gaarder 2001)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av ei skogkledd lise med lauv- og furuskog. I tillegg veks det her spreidde klynger med gamle barlinder, og området utgjer ein av dei nordlegaste førekomstane i landet av arten.

Vegetasjon: Skogen har mykje bjørk, vidare innslag av noko furu, osp, rogn og selje.

Kulturpåverknad: Området er lite påverka av nyere inngrep som flatehogst og granplantefelt, men det er i 2001 bygd veg mot Frostadsetra i Vestnes.

Artsfunn: Barlind er ein særprega art i lokaliteten med om lag 10 individ. Det er også sparsamt med alm, sjølv om mange er daude eller sterkt skadd av hjortebeite. Det vart elles funne tannrot. Einskilde kryptogamar og fuglearter typiske for gammelskog førekjem, m.a. kystdoggnål *Sclerophora peronella*.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein barlindlokalitet som ikkje er av dei mest individrike i kommunen. Skodje er eit kjerneområde for arten.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør skjerma barlindlokalitetane for fysiske inngrep, hogst og treslagskifte.

10 Fylling: Fyllingslia, austre del (barlind)

Lokalitetsnummer:	1529-10
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 867-873, 357-360
Høgde over havet:	240-380 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Andre viktige førekomstar
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Hjortebeiting vinters tid, hogst/treslagskifte, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.05.1999, DH, 09.12.2004, DH & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er den austre delen av Fyllingslia med ein god barlindbestand. Det vart telt over 50 planter, medrekna småplanter og daude eksemplar. Totalt er det i Fyllingslia telt 140 barlindplanter med smått og stort, og dette er dermed ein av dei viktigaste barlindbestandane i fylket. Det vart observert betydelege beiteskadar frå hjort på småplanter og tre, og fleire av dei var utan grønt bar. Her står ein andsynes eit stort forvaltningsproblem, som ikkje berre gjeld Skodje.

Vegetasjon: Lia er eksponert mot sør, og kan reknast som hasselrik bjørkeskog på blokkmark med innslag av boreale lauvtre som rogn og selje. Det er mest blåbær- og småbregnevegetasjon, men og litt høgstaudevegetasjon.

Kulturpåverknad: Skogen er etter måten ljøsopen og er tidlegare beita. Lokaliteten er i nedre deler på verka av skogsbilveg og hogstflate av nyare dato.

Artsfunn: Utanom dei store barlindførekomstane vart det funne ein del jordnøtt, myske, kranskonvall, kvitsoleie, liljekonvall, trollurt, sparsamt med taggbregne og tannrot m.fl. I lungenever-samfunnet er helst funn av sølvnever mest interessant, av sopp vart den typiske barlindsoppen *Capnobotrys dingleyae* funnen på barlinda også i dette området. Den raudlista dvergspetten hekka i området i 2002.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av dei store bestandane av barlind som og er av dei nordlegaste med dokumentert forynging, og dessutan ein av dei største i fylket.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep, treslagskifte og hogst av barlind. Det beste er om barlindområda får liggja i fred utan større, nye inngrep. Vinterbestandane av hjort er eit problem for barlinda. Ein skjøtelsplan for barlinden er ønskjeleg.

11 Fylling: Fyllingslia ved Gamlesetra (barlind)

Lokalitetsnummer:	1529-11
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 858-865, 354-357
Høgde over havet:	240-380 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Andre viktige førekomstar, rik edellauvskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Hjortebeiting vinters tid, hogst/treslagskifte, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	05.07.1973 (Korsmo 1976), Lindmo m. fl. (1991), 08.05.1999, DH, 09.12.2004, DH & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er den midtre delen av Fyllingslia nordvest for Gamlesetra, med ein god barlindbestand. Korsmo (1976) skreiv om to kloner. Vi telte over 50 planter, medrekna småplanter og daude eksemplar. Totalt er det i Fyllingslia telt 140 barlindplanter med smått og stort, og dette er dermed ein av dei viktigaste barlindbestandane i fylket. Det vart observert betydelege beiteskadar frå hjort på småplanter og tre, og fleire av dei var utan grønt bar. Her står ein andsynes eit stort forvaltningsproblem, som ikkje berre gjeld Skodje.

Vegetasjon: Lia er eksponert mot sør, og kan reknast som hasselrik bjørkeskog på blokkmark med innslag av boreale lauvtre som rogn, selje, gråor og osp. Spreidde furutre og alm. Det er mest blåbær- og småbregnevegetasjon, men og litt svakt utvikla lågurtvegetasjon i hasselkratta.

Kulturpåverknad: Skogen er etter måten ljøsopen og er tidlegare beita. Skogsbilveg og hogstflate av nyare dato avgrensar lokaliteten i sør.

Artsfunn: Utanom dei store barlindførekomstane vart det funne ein del jordnøtt, myske, sanikel, kranskonvall, kvitsoleie, liljekonvall, trollurt, sparsamt med taggbregne og tannrot m.fl. I lungenever-samfunnet er funn av sølvnever mest interessant. Den raudlista dvergspetten hekka i området i 2002.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av dei store bestandane av barlind som og er ein av dei nordlegaste med dokumentert forynging, og dessutan ein av dei største i fylket.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep, treslagskifte og hogst av barlind. Det beste er om barlindområda får liggja i fred utan større, nye inngrep. Vinterbestandane av hjort er eit problem for barlinda. Ein skjøtelsplan for barlinden er ønskjeleg.

12 Fylling: Fyllingslia, vest for Nesjesetra (edellaauvskog)

Lokalitetsnummer:	1529-12
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 845-847, 353-354
Høgde over havet:	220-270 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellaauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Hogst/treslagskifte, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	02.06.2001, DH, 09.12.2004, DH & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ovanfor skogsvegen i ei sørvendt li og inneheld edellaauvskog med 4-5 barlindar.

Vegetasjon: Lia kan reknast som hasselrik bjørkeskog. Alm finst. Det er mest rik lågurtvegetasjon.

Kulturpåverknad: Skogen er etter måten ljøsopen og er tidlegare beita. Grensar til skogsveg av nyare dato i nedre del, og mot granfelt i vestre del.

Artsfunn: Utanom barlindane vart det funne ein del edellaauvskogsartar som jordnøtt, myske, sanikel, kranskonvall, liljekonvall, skogfredlaus, skogstorr, trollurt, sparsamt med taggbregne og tannrot m.fl.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er hasselkratt (truga vegetasjonstype) med ein del interessante planteartar og innslag av barlind.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep, treslagskifte og hogst av barlind. Det beste er om lokaliteten får liggja i fred utan større, nye inngrep.

13 Fylling: Nedreli (hasselskog)

Lokalitetsnummer:	1529-13
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 842 350
Høgde over havet:	100 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellaauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.09.1987 og 15.09.1988, OG & AET, 19.09.1992, SS m. fl. (Jordal 1993), 17.08.1994, Per Marstad, 2001 PL, 07.09.2002, DH & PL.

Områdeskildring

Generelt: I aust- og øverkant av småbruket Nedreli på Fylling finst eit lite område med hasselskog, som er artsrikt og variert med omsyn på soppflora.

Vegetasjon: Hasselkratt av kysttypen (D2c, truga vegetasjonstype).

Kulturpåverknad: Skogen er truleg eit suksesjonsstadium frå tidlegare meir ope lende, men truleg har hasselen vore framelska og selt til tønneband som så mange andre stader. Lokaliteten grensar til granplantefelt og ope kulturlandskap.

Artsfunn: Raudlisteartar av sopp: brunfiolett kremle *Russula brunneovalacea* (R), marsipankremle *Russula grata*, grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC), lurvesøtpigg *Bankera fuligineoalba* (R), svartkvit sølvpigg *Phellodon melaleucus* (DC), skjeggfrynnesopp *Thelephora penicillata* (R), *Hydrabasidium subviolaceum* (R) og silkesnyltehatt *Asterophora parasitica* (R). Andre interessante soppartar: broket kremle *Russula cyanoxantha*, bleik-kjuke *Antrodia semisupina*, stor soppklubbe *Cordyceps capitata*, smal soppklubbe *Cordyceps ophioglossoides*, blåbrunpigg *Hydnellum caeruleum*, tobakkbrottsopp *Hymenochaete tabacina*, dvergglakssopp *Laccaria tortilis*, sølvhette *Mycena polygramma*, røykmusserong *Tricholoma fucatum* og svovelmusserong *Tricholoma sulphureum*.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein edellauvskog av typen kysthasselkratt (truga vegetasjonstype) med førekomst av fleire raudlisteartar i lågare kategori. Lokaliteten er liten og ikkje særleg velutvikla i dag, men artsinventaret er framleis interessant.

Skjøtsel og omsyn

Fysiske inngrep og treslagskifte bør unngåast. Det beste for naturverdiane er at området ikkje blir hogd.

14 Fylling: Nedreli (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1529-14
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 841 349
Høgde over havet:	100 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	06.09.1987 og 15.09.1988, OG & AET, 19.09.1992, SS, JBJ m. fl. (Jordal & Sivertsen 1992), 17.08.1994, Per Marstad, 07.09.1995, 27.09.1995, 26.09.1997, GGa & JBJ, 08.08.1998, GGa, DH & KJG (Beyer & Jordal 1995, Jordal & Gaarder 1997, 1999)

Områdeskildring

Generelt: Dette er eit lite småbruk med eit titalls dekar open innmark omkransa av skog og myr. Det ligg noko ovanfor busetnaden på Fylling. Skogen rundt inneheld m. a. ein del hassel (sjå lokalitet 13). Lokaliteten er artsrik og variert med omsyn på planteliv og soppflora.

Vegetasjon: Vegetasjonen består av frisk fattigeng (G4) typisk for regionen, med både halvtørre, friske og fuktigare parti. I fuktengpartia finst m. a. ein god del trådsiv og stjernestorr.

Kulturpåverknad: Husa er gamle, men bustadhuset er pussa opp. Fjøset er til nedfalls. Av andre kulturlandskapselement finst m. a. steingjerde og rydningsrøyser. Bruket har vore dreve med sau og storfe til ca. 1960, men har sidan vore fråflytta. Innmarka har seinere vore bruka til hestebeite i ein periode av noverande eigar. I denne perioden vart det bruka noko kunstgjødsel, og beita hardt. Området vart i 1995 beita av sau, og dels storfe. Beitetrykket var godt, men dette hindra ikkje ei viss innvandring av skog på innmarka. I 1998 vart lokaliteten lite beita. Dei siste åra har her gått nokre sauer.

Artsfunn: Det vart notert 40 planteartar i grasmarkene, av desse 16 naturengplanter. Dei tørrare partia er gras- og urterike med m. a. aurikkelsvæve og hårsvæve. Kystpreget blir understreka av artar som heiblåfjør, heisiv og kystmaure. 12 av beitemarkssoppene er oppført på den norske raudlista. Av desse er følgende oppført som direkte truga: sumpjordtunge *Geoglossum uliginosum* (1-2 attverande intakte lokalitetar i Sverige av totalt 9 kjende, 4-5 i Noreg, elles berre kjent frå Storbritannia) og vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (få lokalitetar i Noreg etter 1980; Noreg og Sverige synest å ha eit europeisk forvaltaransvar også for denne arten). Følgjande artar er oppført som sårbare på raudlista: fiolett greinkøllesopp *Clavaria zollingeri* (sjeldan utanfor Noreg og Sverige, foto på framsida), raudnande lutvokssopp *Hygrocybe ingrata* (sjeldan i heile Europa), flammevokssopp *Hygrocybe intermedia*, grå narremusserong *Porpoloma metapodium* (Noreg har truleg dei viktigaste leveområda for arten i Europa). Videre er det funne nokre artar i kategori hensynskrevande eller sjeldan.

Verdsetting: Det er funne 31 artar av beitemarkssopp (av desse 19 artar av vokssopp), noko som gjev nasjonal verdi etter tre ulike verdsettingssystem. Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei velutvikla naturbeitemark (tidlegare slåtteeng) med førekomst av mange raudlisteartar, dels i kategori E og V.

Skjøtsel og omsyn

Beitet bør fortsetta som før, ein bør vurdera å rydda skog i kantane, terrenginngrep bør unngåast, og innmarka bør ikke gjødslast.

15 Fylling: Solli (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1529-15
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 843 347
Høgd over havet:	80 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	07.09.1995, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1997, 1999), 24.10.1999, GGa (Gaarder & Jordal 2001)

Områdeskildring

Generelt: Det undersøkte området er ein liten haug ved eit sommarfjøs med beitemark rundt på sørsida av vegen til Barlindhaugsetra.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4), dels av jordnøtt-utforming (vert rekna som truga).

Kulturpåverknad: Noko er dyrka. Beitemarka hadde delvis eit noko gjødsla preg, men med magrare parti i ytterkantane. Det gjekk sau på beite.

Artsfunn: Mest interessant er funn av dei to raudlistearterane vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (E=direkte truga) og grå narremusserong *Porpoloma metapodium* (V=sårbar). Desse er begge svært sjeldne og kravfulle beitemarkssoppar, som er føreslegne som norske ansvarsartar. Dei tyder på at dette er eit gammalt kulturlandskap med langvarig hevd. Det vart funne 11 naturengplanter, mest i dei magre ytterkantane. Av desse kan nemnast aurikkelsvæve, hårsvæve, heiblåfjør og jordnøtt.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med funn av to beitemarkssoppar i høg raudlistekategori, dessutan førekjem den truga vegetasjonstypen jordnøtteng.

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram.

16 Fylling: Fyllingsvatnet, austenden (ferskvatn)

Lokalitetsnummer:	1529-16
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 833 342
Høgd over havet:	48 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Andre viktige førekomstar
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, forstyrning
Undersøkt/kjelder:	Dolmen (1991), Dolmen & Strand (1997)

Områdeskildring

Generelt: I austenden av Fyllingsvatnet er det eit sumpområde der det er registrert ein god paddebestand.

Vegetasjon: Flyteblad- og vassengvegetasjon.

Kulturpåverknad: Veg går inntil lokaliteten.

Artsfunn: Bestand av padde er registrert ved LQ 833 342. Lokaliteten er elles beiteområde for m.a. songsvane, stökkand og siland.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av paddebestanden.

Skjøtsel og omsyn

Paddene bør beskyttast mot inngrep og unødig forstyrning.

17 Fylling: Storetjønnna og Litletjønnna (ferskvatn og myr)

Lokalitetsnummer:	1529-17
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 835 326
Høgd over havet:	105-122 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Dammar
Prioritet:	C (lokalt viktig)

Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: ca. 1999, DH

Områdeskildring

Generelt: To små tjønner på Fylling som m.a. er amfibie- og augestikker-lokalitet.

Vegetasjon: Dårlige data.

Kulturpåverknad: Dårlige data.

Artsfunn: Levestad for både amfibium (frosk og padde) og augestikkerar.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten m.a. har ein paddebestand, truleg ikkje tilfredsstillende kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep som påverkar våtmarkene.

18 Fylling: Engesetfjellet, Gylet (rik edellauvskog)

Lokalitetsnummer: 1529-18
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 843 354
Høgde over havet: 120-400 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rik edellauvskog
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 08.05.1999, 31.05, 02.06, 24.07 og 20.09.2002, DH

Områdeskildring

Generelt: Området ligg like nordaust for skytebana ved Fylling, og avgrensinga følgjer Gylet austover, opp mot skoggrensa nordover og nedatt til om lag 120 m o.h. ved den nasen som stikk fram rett sør for Kvitnakken.

Vegetasjon: I nedste delen er det gråorskog med gradvis overgang mot hasselrik lågurtbjørkeskog fram etter gjelet og nordover. Almane (om lag 50 tre) syter for at noko av skogen må reknast for gråor-almeskog, elles er her eit lite ospesholt og noko furu på sørsida. I sjølve gjelet er det høgstaudar og storbregnar som dominerer, nordover går det over i meir småbregne- og lågurtskog. Almane (opp til 60 cm i tverrmål) er berre moderat skada av hjortedyr, og veks spreidd opp til 376 m o.h.

Kulturpåverknad: Nedste delen er noko forstyrta i samband med hogstaktivitetar, og typisk nok kjem platanløna inn på slike stader (berre småbuskar førebels). Elles ser det ut til at det tidlegare har vore beita her, og truleg har det òg vore veda litt.

Artsfunn: Planteartar: jordnøtt, krossved, kvitsoleie, liljekonvall, myske, taggbregne, tannrot, trollbær, furuvintergrøn, breiflangre, fuglereir, skogbjønnbær (i kantane av hogstflata nedst), skogfredlaus, skogstorr, lundgrønaks (flekkevis store enger) og skogfaks. Særleg skogfaks har her ein utpostlokalitet, medan fuglereir og skogstorr generelt er sparsame i Møre og Romsdal. Av særskilt interessa er funn av den raudlista bregnen bruntelg (DM – bør overvakast). Mellom lava kan nemnast rikeleg med sølvnever lokalt på berghamrane, medan den sjeldsynte soppen *Capnobotrys dingleyae* vart funnen på ei gammal barlind. I alt vart det funne 8 barlinder, men ei grundigare kartlegging vil truleg føre til funn av fleire. Av raudlista sopp kan nemnast gullkremle (DC), gulnande begersopp (DC), grå trompetsopp (DC), hasselskrubb (R), marsipankremle (R), dessutan den uvanlege arten stripebrødkorg. Den raudlista dvergspetten (DC) hekk i lokaliteten i 1999 og 2002, medan kvitryggspett (V) vart observert.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein skoglokalitet med rikt innslag av velutvikla edellauvskog, varmekjære planter, ein del raudlistearter i fleire artsgrupper, og noko barlind. Dette er til no den rikaste edellauvskogen som er dokumentert i Skodje med omsyn til varmekjære karplanter.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og hogst inntil teigen. Ein bør vurderer om flatehogsten nedst kan tene som buffersone. Det er ikkje ønskeleg å plante meir bartre her.

19 Engeset: Øyedalen (rik edellauvskog)

Lokalitetsnummer: 1529-19
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 853-872, 365-367
Høgde over havet: 200-320 m

Hovudnaturtype:	Skog, kulturlandskap
Naturtype:	Rik edellauvskog, bjørkeskog med høgstauder, skogsbeite
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, flatehogst, treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	Holtan (1999a), 03.06.2002, DH & Lars Inge Nakken

Områdeskildring

Generelt: Området ligg om lag midt i Øyedalen, på nordsida av elva. Det vart avgrensa eit område frå dei fremste granplantefelta aust for Tjørna og to kilometer fram i dalen til Engesetsætra (vestgrense: LQ 853, austgrense: LQ 872). Mot nord er det naturleg å følgje liaksla opp mot det flate plataået i nord, slik at øvste delen av lia vil verke som ei klimavernsone, medan det mot sør er naturleg å avgrense etter elva i dalbotnen. Lia er sørvendt, ljøsopen og er ei rullesteinsli med store parti mosedekte steinar (gamle lausmassar). Bjørk er det totalt dominerande av treslaga, og mellom dei andre boreale lauvtree er det selja som utmerker seg med ein del grove tre. Innslaget av alm og hassel aukar tydeleg innover i lia, og sjølv om mestedelen av desse er unge eller halvgamle, er her eksempel på både grøvre hasselkratt og alm (også holtre) med tverrmål opp til om lag 60 cm. Almen veks elles aust til LQ 870. Her er mykje daud ved, som læger (både ferske og rotne), rotvelter og høgstubbar.

Vegetasjon: Treslag i bestand er mest bjørk, med eit stort innslag av alm (eit hundretals tre), og i nokon grad andre lauvtre som rogn, selje og sporadisk også osp. Austover og oppover i lia er det eit aukande innslag av hassel, dei vert også grøvre etter same gradienten. Det er helst tale om småbregne- og blåbærvegetasjon, men med store felt høgstaudar og storbregnar.

Kulturpåverknad: Litt spor etter vedhogst, hogst av alm vart observert. Kraftline i dalbotnen. Noko beiting av sau.

Artsfunn: Den raudlista solblomen (om lag 30 rosettar) veks aust for Sætrelva (LQ 870 366). Av planter kan nemnast gullstjerne, stortviblad, korallrot, mykje jordnøtt, junkerbregne, mykje myske, taggbregne, strutsveig og tannrot. Lungeneversamfunnet er måteleg godt utvikla, og det går mest i dei meir vanlege artane slike som kystvrenge, lungenever, puteglye, skrubbenever, dessutan ein mindre vanleg art som *Leptogium teretiusculum*. Truleg vil fleire artar kome til etterkvart dersom teigen får stå i fred. Av fuglar vart den raudlista kvitryggspetten (V) funne hekkande i 1999, medan både denne og den raudlista dvergspetten vart observert i 2002.

Verdsetting: Naturtypen er sjeldsynt, ikkje berre i Skodje, men i heile ytre strok i fylket, særleg også av di lokaliteten er etter måten stor og nokolunde intakt. Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større område med m.a. edellauvskog med raudlistearten solblom, og fleire varmekrevande planter (sørboreal vegetasjonssone). Dessutan har lokaliteten viktig viltfunksjon med kvitryggspett og dvergspett.

Skjøtsel og omsyn

Uttak av edellauvtree (alm) bør ikkje finne stad. Tynningshogst (ikkje småflatehogst som i dag) kan saman med beiting vere ein føremon for solblomen. Granplantingar innafør avgrensinga bør takast ut.

20 Engeset: Storsætra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1529-20
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 845 367
Høgde over havet:	220-260 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, myr
Naturtype:	Naturbeitemark, rikmyr
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	08.08.1998, DH, GGa, Lars Inge Nakken (Jordal & Gaarder 1999)

Områdeskildring

Generelt: Området ligg ved Storsætra øvst i Engesetdalen, og er avgrensa på nordsida av vegen om lag frå bompengestasjonen og nokre hundre meter vestover. Steingarden heilt i nord er ei naturleg avgrensing på den sida, og i vest ved ein gammal nedlagt plass (stort plantefelt her). Lokaliteten er spesiell i fylket fordi han inneheld ein svært stor bestand av solblom. Området består av ei gammel, for det meste inngjerda beitemark (dels med steingjerde). Sætra ligg i ei svært fuktig li og store deler av området er prega av bakkemyr med innslag av små, tørrare fastmarksflekker. Disse flekkene er stor sett kledd med einerkratt og litt bjørkeskog, men det er også att små engflekker. Det er særleg her solblom veks og ofte dominerer han i desse partia. Området er i ferd med å gro att, og på dei tørrare stadane veks det no opp einer og bjørkeskog. Lokaliteten vart påvist av Lars I. Nakken i 1998, og gjennom den slektskapen han har med eine grunneigaren har han kjend til området mest heile livet.

Vegetasjon: Myrene har intermediær karakter med m.a. fjelltistel og einskilde litt kravfulle storrtar.
Kulturpåverknad: Ein del blir framleis beita av ungdyr, men det meste gror att. Veg i nedkant, steingard, plantefelt.

Artsfunn: Lokaliteten hadde minst 5000 planter av solblom, og er mellom dei 4-5 viktigaste lokalitetane i fylket for denne raudlistearten (Jordal & Gaarder 2001). Lokaliteten er truleg samtidig ein av dei rikaste solblomlokalitetane i landet. Elles veks her mykje av middels kalkkrevjande artar som dvergjamne, grov nattfiol, gulstorr, jåblom, loppestorr og stortviblad, noko som tyder at myrpartia er av mellomrik karakter. Elles vart det funne eit par beitemarkssopp, m.a. brunfnokka vokssopp (*Hygrocybe helobia*). Lokaliteten burde vore grundigare undersøkt.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av den svært store bestanden av raudlistearten solblom. Lokaliteten har nasjonal verdi som kulturlandskap.

Skjøtsel og omsyn

Det er svært viktig at skjøtselen kan takast opp att så snart som råd med t.d. ungdyrbeite (ideelt sett helst i kombinasjon med slått). Dette er ein av dei største skattane som er att av det tradisjonelle kulturlandskapet i Skodje.

21 Engesetdalen: Engesetelva (gråor-heggeskog)

Lokalitetsnummer:	1529-21
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 830-838 363-364
Høgde over havet:	ca. 90-140 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gråor-heggeskog
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, hogst
Undersøkt/kjelder:	ca. 1999, DH

Områdeskildring

Generelt: Området ligg mellom Engeset og Storsætra, og gjeld ei smal stripe langsetter elva frå brua og ein liten kilometer framover. Det verkar naturleg å avgrense i ei breidd frå 10 til om lag 50 meter frå elva, alt etter kvaliteten på kantvegetasjonen. I nokre parti er det velutvikla og gamle oretre med mykje daud ved, særleg etter elvekanten.

Vegetasjon: Flekkvis er dette noko av den best utvikla gråor-heggeskogen i kommunen, med innslag av flaummarksskog i ein elveholme om lag 300 m aust for brua og elles noko etter elvekanten. På nordsida er her også etter måten velutvikla hasselkratt og nokre få almetre. Typisk er det ein del storbregne- og høgstaudevegetasjon, med litt lågurtvegetasjon i hasselkratta.

Kulturpåverknad: Noko beiting og hogst.

Artsfunn: Strutsvingen vart typisk nok funnen i fremste enden med nokre få plantar, og tendensen for denne arten i ytre strok ser ut til å vere at han ofte veks i samband med oreskog, eller ved bekkejuv eller elver. Elles går det i dei meir vanlege artane slike som jordnøtt, krossved, myske.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at har kanskje ikkje tilfredsstillende kriterier til B.

Skjøtsel og omsyn

Platanløna har etablert seg kraftig, og ho bør fjernast snarast råd. Flaummarksskog er etter måten sjeldsynt i heile fylket i ytre strok. Skogen bør difor få utvikle seg til eldre skog med minst mogleg inngrep.

22 Engesetdalen: Engesettjøna (ferskvatn)

Lokalitetsnummer:	1529-22
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 828 355
Høgde over havet:	50 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Dammar
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	ca. 1999, DH

Områdeskildring

Generelt: Tjønn ved Engeset i Engesetdalen. Tjønnna er eit par hundre meter lang og rundt 100 m brei.

Vegetasjon: Flyteblad- og langskotvegetasjon, torvmose (*Sphagnum*) ut mot kantane.

Kulturpåverknad: Veg, dyrka mark og hytter i området.

Artsfunn: Levestad for både amfibium (frosk og padde) og augestikkarar. Følgjande augestikkarartar er funne: brun augestikkar *Aeshna grandis*, firefleck-libelle *Libellula quadrimaculata*, kystvassnymfe *Ischnura elegans*, raud vassnymfe *Pyrrhosoma nymphula*, stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, svart haustlibelle *Sympetrum danae*, vanleg augestikkar *Aeshna juncea*, vanleg blåvassnymfe *Coenagrion hastulatum*, vanleg metallvassnymfe *Lestes sponsa*, variabel blåvassnymfe *Coenagrion pulchellum*. Elles hekkar vassfuglar som stokkand, medan songsvane kan beite haust og vinter.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av førekomst av padde, mange augestikkarartar og somme vassfuglar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

23 Engesetdalen: Lassehaugtjønnna (myr, ferskvatn/våtmark)

Lokalitetsnummer:	1529-23 (Naturbasen 152902000)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 813-816 358-360
Høgde over havet:	46-50 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark, myr
Naturtype:	Dammar, intakt låglandsmyr
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Naturbasen, juli 1996, DH, 06.06.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Våtmarksområde og myrområde med lita tjønn ved Eikrol i Engesetdalen. Lassehaugtjønnna er berre lita. Myrene er planmyr, dels nedbørsmyr, dels fattigmyr.

Vegetasjon: Ombrotrof tuve- og fastmattemyr, fattig fastmattemyr. I tjønna flytebladvegetasjon og høgstorrsump med elvesnelle, flaskestorr, gulldusk, bukkeblad, kvit nykkerose.

Kulturpåverknad: Veg, dyrka mark, steinfylling, kraftline og hytter i området.

Artsfunn: Ein del vanlege augestikkarar er funne. Lokaliteten er og leveområde for amfibiar (dårlege data). Elles hekkar vassfuglar som stokkand, vipe og enkeltbekkasin, toppand kan observerast om våren medan songsvane kan beite haust og vinter.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at han truleg ikkje tilfredsstillar kriteria for B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep. Området burde vore betre undersøkt.

24 Opskar (slåtteeing)

Lokalitetsnummer:	1529-24
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 7591 3499
Høgde over havet:	70 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Slåtteeing
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av slått, attgroing
Undersøkt/kjelder:	18.07.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Fin tradisjonell slåtteeing like ovanfor bygdevegen på Opskar, framvist av Gunvor Opskar.

Vegetasjon: G4 frisk fattigeng av jordnøtt-type, som er ein truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001).

Kulturpåverknad: Vert framleis slege, i juli. Ein hadde sauer fram til 1986, men det er ikkje dyr på garden lenger. Deler av enga var jordbæråker først på 1900-talet.

Artsfunn: Mest interessant var ca. 40 blomstrande solblom. Elles vart det funne kystgrisøyre, grov nattfiol, kjertelaugnetrøst, prestekrage, smalkjempe, harerug, tiriltunge, småengkall, aurikkelsvæve, blåknapp, bråtestorr,

jordnøtt, lækjeveronika, hårsvæve, blåkoll, kattefot, knegras, engfiol og kornstorr. Av beitemarkssopp vart det funne kantarellvokssopp.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) fordi det er ei intakt og artsrik slåtteenng og på grunn av gode bestandar av raudlistearten solblom. Vidare er jordnøttutforming av frisk fattigeng ein truga vegetasjonstype.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig med framhald av slåttan av denne enga. Dette er heilt naudsynt for å bevare det store mangfaldet.

25 Opskar: Stettevika (rik edellauskog, rikare sumpskog)

Lokalitetsnummer:	1529-25
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 764 347 (midtpunkt)
Høgde over havet:	0-30 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauskog, rikare sumpskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Hogst og treslagskifte, tekniske inngrep
Undersøkt/kjelder:	11.12.2004, DH

Områdeskildring

Generelt: Sørvendt skogsområde sør for Opskar i Stettevika med eit restområde med rik edellauskog. Skogen er til dels gammal, med store dimensjonar på hassel og mykje læger, særleg av svartor.

Vegetasjon: Rik hasselkratt med lågurtvegetasjon (truga vegetasjonstype). Svartorstrandskog og svartorsumpskog er viktige typar, med gjennomgåande høgt innslag av hassel og bjørk. Elles platanløn, hegg og rogn.

Kulturpåverknad: Stor spreing av platanløn, særleg i austre delen. I vest og nord gran (lokaliteten er her avgrensa inntil ei granplanting). Tidlegere har her vore beita. Lokaliteten grensar elles til veg i nord, og til hytteeigedomar i aust og vest (til bryggja i vest).

Artsfunn: Det var for seint på året til å få ei fullverdig planteliste. Likevel kunne ein finne ein del av dei varmekjære artane krossved, markjordbær, myske, sanikel og skogfredlaus, som alle høyrer heime i rik lågurtskog. Elles mykje gaukesyre og enghumbleblom. Noko krattlodnegras og sølvbunke syner den tidlegare beitinga. I strandlina veks m.a. mjørdurt, strandrug og strandrøyr.

Verdsetting: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein variert skog med ulike kvalitetar, m.a. rik edellauskog og førekomst av fleire varmekjære artar. Det kan ikkje utelukkast at undersøkingar av sopp vil auke verdien. Eit anna viktig moment ved verdsettinga er at både kysthasselkratt og rikare sumpskog er sjeldne og truga naturtypar, og det avgrensa området utgjer ein liten rest av eit større, rikt skogområde, m.a. med mykje svartor.

Skjøtsel og omsyn

Av biologiske omsyn er det best om lokaliteten i framtida får ligge mest muleg urørt. Ein bør fjerne framande treslag.

26 Stavset: Stavsetfjellet (kystfurskog m.m.)

Lokalitetsnummer:	1529-26 (Naturbasen 152908403)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 70-72 34-35
Høgde over havet:	0-200 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Kystfurskog, bjørkeskog med høgstauder
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Større fysiske inngrep, hogst/treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	Naturbasen, 31.05.2002, DH

Områdeskildring

Generelt: Stort sett nordvendt li mot Grytafjorden med blandingsskog.

Vegetasjon: På toppane røsslyng-blokkbær-furskog og blåbærfurskog som er i ferd med å aldrast. På nordsida finn ein litt storbregne- og høgstaudevegetasjon, typisk nok med kystarten raggtelg mellom dominantane. Flatene på fjellet har trivialvegetasjon med torvull, molte og lyng.

Kulturpåverknad: Skogsbilvegar og hogst i nærområda.

Artsfunn: Funn av den raudlista sopparten svartkvit sølvpigge *Phellodon melaleucus*. Av planter kan nemnast fagerperikum, heistorr, heiblåfjør, klokkevintergrøn, knerot, kranskonvall, raggtelg, sanikel, sumphaukeskjegg og vivendel. Hekkeplass for kvitryggspett.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein skog med førekomst av raudlisteartar av fugl og sopp og einskilde interessante planter, men lokaliteten bør undersøkjast nærare.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera at det ikkje blir hogge i området.

27 Skodje: Straumsdalen naturreservat (kystfurskog m. barlind)

Lokalitetsnummer:	1529-27 (Naturbasen 152907809)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 78-79, 33
Høgde over havet:	200-310 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Kystfurskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Barlinda er truga av hjortebeiting om vinteren (naturreservat, verna 13.10.2000)
Undersøkt/kjelder:	Lindmo m. fl. (1991), Haugen (1992), Holtan (1999a, 2001)

Områdeskildring

Generelt: Straumsdalen er verna som naturreservat. Lokaliteten er avgrensa som reservatet. Det er kystfurskog i den sør-sørvest-vende delen av Nihusen. Inst i dalgryta er det gammel furskog. Av størst interesse er likevel førekomsten av barlind. Begge kjønn av treet finst spreidd langs heile den sørvendte lia langs Nihusen. Elles m. a. grovsteinet ur. Berggrunnen er gneis.

Vegetasjon: Oseanisk blåbær-bregnefurskog dominerer området, som i austlege del er tilplanta med noko gran. Det er og innslag av lauvtre som gråor, rogn, osp og hassel. Feltsjiktet er uvanleg artsrikt til å vere furskog.

Dominerande artar er bjønnekam, einstape og blåbær. Meir grasrike parti er vanlege, med smyle eller beiteindikatorar som gulaks og engkvein. Vidare er delar av området prega av lågurtvegetasjon.

Kulturpåverknad: I varierende grad beitepåverka. I aust grensar lokaliteten til eit område med intensiv skogsdrift. Utanfor det verna området står somme stader barlind att i hogstområda.

Artsfunn: Av raudlisteartar er det funne skorpefylltav *Fuscopannaria ignobilis*, og skorpelaven *Pyrenula harrisii*, som er ein sjeldan kystlav knytt til hassel. Dvergspett (DC på raudlista) vart funnen hekkande i Straumsdalen i 1997. Det vart av Lindmo m. fl (1991) innanfor det avgrensa området telt 12 individ av barlind, 5 hanntrø og 7 hotre. Seinare opteljing av Holtan (1999) ga som resultat 34 barlindar. Dei høgste trea var 7 m med stammeomkrets på ca. 1 meter. Små areal i dei brattaste delane har krevjande artar som sanikel, kusymre, myske, kratthumleblom, hengjeaks, bergrørkvein, lundrapp, heistorr, heiblåfjør og jordnøtt m.fl.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med ein middels bestand av barlindar, og med fleire raudlisteartar tilknytt kystfurskogen.

Skjøtsel og omsyn

Straumsdalen er verna som naturreservat. Likevel vil vinterbeiting av hjort vera eit trugsmål mot barlindane som er ein vesentleg del av motivasjonen for vernet. Alle trea har spor etter kraftig hjortebeiting opp til ca. 2 m, og det vantar forynging. Det er viktig å halda hjortebestandane om vinteren på eit lågare nivå.

28 Skodje: Nørstjøna, Straumsdemma (dammar)

Lokalitetsnummer:	1529-28
Kartblad:	1220 II Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 780 331
Høgde over havet:	30 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Dammar
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Holtan (1999a)

Områdeskildring

Generelt: Desse to smådammane ligg tett ved kvarandre rett ved Straumsdalen. Det avgrensa området tek med både dammane og dei mindre myrområda, slik at ein også her får ei buffersone.

Vegetasjon: Flyteblad- og vassengvegetasjon med torvmose (*Sphagnum*) i kantane.

Kulturpåverknad: Området rundt er prega av hogst, granplanting og vegar.

Artsfunn: I april-mai, rett etter isløysing, kryp amfibia fram, og då vil ein sjå at her er etter måten gode førekomstar, mest padde, og berre litt frosk. Elles ein del vanlege augestikkarar.

Verdsetting: Lokaliteten må vel kunne seiast å vere av meir lokal betyding. Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av førekomstane av padder, og tilfredsstillar truleg ikkje kriteria for B.

Skjøtsel og omsyn

Områda bør ikkje utsettast for inngrep i nemnande grad.

29 Skodje: Indreberg (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1529-29
Kartblad:	1220 II Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 796-798 330-332
Høgde over havet:	ca. 100-160 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Beiteopphøyr/attgroing
Undersøkt/kjelder:	23.09.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Det undersøkte området er eit område med naturbeitemark og noko meir gjødsla beitemark ovanfor Erikgården på Indreberg i Skodje.

Vegetasjon: Delvis frisk fattigeng (G4), delvis noko meir nitrofilt med sølvbunkeeng (G3) m.m.

Kulturpåverknad: Gammal kulturmark som truleg kan ha vore slåttemark atti tida, men som no vert beita av storfe.

Artsfunn: Det vart funne nokre få naturengplanter, m.a. aurikkelsvæve, blåklokke, kystgrisøyre og ubestemt nattfiol. Elles vart det funne eit par vidt utbreidde beitemarkssopp. Grunneigar Otto Berg fortalte elles at det har vore solblom på nabogården (sist sett ca. 1997-98), dette har det ikkje vore tid til å sjekka på rett årstid.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med funn av nokre naturengplanter og eit par vidt utbreidde beitemarkssopp. Lokaliteten tilfredsstillar kanskje ikkje krava til B.

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram.

30 Håheim: Igletjøna (dammar)

Lokalitetsnummer:	1529-30 (Naturbasen 152901700)
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 804 305
Høgde over havet:	5-10 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn, myr
Naturtype:	Dammar, intakt låglandsmyr
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Naturbasen, Holtan (1999a), DH & Hans Olsvik 12.05.1996, 12.07.2002, DH

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ei vegetasjonsrik tjønn med rikt dyreliv, særleg viktig er funn av blodigle. Igletjøna ligg i eit blautmyrområde, med gyngetorver som eit av kjenneteikna nær vassflata, og mange djupe vassholer hist og her. Når det gjeld avgrensing, er heile myra aust for tjørna teke med, om lag inn til skogsbilvegen. Elles er det avgrensa mot haugane på sørsida og det same mot nord, i praksis alt som er flatt i området.

Vegetasjon: Flyteblad- og vassengvegetasjon med mykje torvmose (*Sphagnum*) ut mot tjønna.

Kulturpåverknad: Liten eller ingen.

Artsfunn: Den raudlista blodigla (R) vart funnen av Hans Olsvik og Dag Holtan 12. mai 1996. Dette er truleg verdsnordgrense for arten, sidan bestandane i Rindalen synest å vera tapt. Det er elles berre kjent to lokalitetar til i fylket, som òg ligg i Skodje (Glomsetskardet). Elles har tjørna ein god paddebestand, og i mai 1996 vart det talt

opp overflatisk rundt 100 individ. Blodigla er nok glad i desse. Hans Strøm (1766) skreiv om ”oppdrett” av blodigler på Håheim for over 200 år sidan, og det kan kanskje ha vore i Iglejtjøna? Følgjande augestikkarar er påviste: brun augestikkar *Aeshna grandis*, vanleg augestikkar *Aeshna juncea*, vanleg blåvassnymfe *Coenagrion hastulatum*, variabel blåvassnymfe *Coenagrion pulchellum*, smaragdaugestikkar *Cordulia aenea*, stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, kystvassnymfe *Ischnura elegans*, lita torvlibelle *Leucorrhinia dubia*, firefleck-libelle *Libellula quadrimaculata*, raud vassnymfe *Pyrrhosoma nymphula*, vanleg metallaugestikkar *Somatochlora metallica*, svart haustlibelle *Sympetrum danae*. Særleg merkar ein seg funn av smaragdaugestikkaren, som berre er kjend frå 3 område på Sunnmøre. Hekkeplass for grasender og siland. *Verdsetting*: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei låglandstjønn med fleire interessante artar, særleg førekomsten av blodigle, som står som sjeldan (R) på raudlista. Bestandar av padde, sjeldne augestikkarar og våtmarksfugl trekkjer også opp verdien.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje drenere, grøfte, bygge vegar eller plante skog inntil tjønna. Blodigla er freda og bør få vera i fred.

31 Valle: Valletjøna (ferskvatn)

Lokalitetsnummer:	1529-31 (naturbasen 152902300)
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 795 293
Høgde over havet:	50 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Andre viktige førekomstar
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Naturbasen, 06.09.2004, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lita vegetasjonsrik tjønn omkransa av myr inntil kulturlandskapet ved Valle.

Vegetasjon: Flyteblad- og langskottvegetasjon, høgstorrump.

Kulturpåverknad: Omkransa av veg, dyrka mark, ei hytte, vedproduksjonsbedrift, velteplass, lysløype og bustadfelt. Delvis intakt område, men litt steinfylling i aust.

Artsfunn: Tjøna inneheld typiske artar som kvit nøkkerose, tjønnaks, myrhatt, bukkeblad, flaskestorr og amerikamjølke. Hekkeplass for stökkender, enkeltbekkasin og kanskje vipe. Kanskje amfibie- og augestikkarlokalitet (ikkje undersøkt).

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep. Fuglane bør få vera i fred i hekketida.

32 Svorta: Lomstjøna (dammar)

Lokalitetsnummer:	1529-32
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 768 313
Høgde over havet:	40 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Dammar
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Naturbasen, juli 1996, DH

Områdeskildring

Generelt: Vegetasjonsrik tjønn med rikt dyreliv.

Vegetasjon: Flyteblad og vassengvegetasjon, noko torvmose (*Sphagnum*) i kantane.

Kulturpåverknad: Liten, men ei kraftline går over delar av området.

Artsfunn: Ein del vanlege augestikkarar, frosk og padde. Hekkeområde for grasender.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at her er registrert paddebestand, men lokaliteten tilfredsstillar truleg ikkje kriteria for verdi B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå tekniske inngrep og forureining.

33 Svorta: Svortavikbekken (viktig bekke­drag)

Lokalitetsnummer:	1529-33 (naturbasen 152908904)
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 773 312
Høg­d over havet:	ca. 10 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Viktig bekke­drag
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, forureining
Undersøkt/kjelder:	Holtan (1999a), 06.06.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Svortavikbekken renn frå Svortavatnet, ned til Svortaviktjønna, og vidare derifrå ned til sjøen. Det avgrensa området går ned til demninga ved utløpet av Svortaviktjønna. Tjønna er rik på vassvegetasjon, og myra rundt ho er skikkeleg blaut og gyngande. Avgrensinga følgjer kantvegetasjonen etter berghamrane og myra i samband med tjønna, og etter bekken bør det vere ei buffersone som er minst 10 m brei heilt opp til Svortavatnet. Buffersoner etter elver og bekke­drag tener m.a. som filter i høve til avrenninga frå omgjevnaden, og i dette tilfellet gjeld det særleg frå europavegen.

Vegetasjon: Flyteblad- og vassengvegetasjon (storrenger), noko torvmose (*Sphagnum*) i kantane. Langs bekken er det skog på nordsida av vegen til terrenget opnar seg ved Svortaviktjønna, fattigmyr og skog på hi sida mot Svortavatnet.

Kulturpåverknad: Anleggsarbeid vart utført på Europavegen (i 1995), det er uklårt om dette har hatt nokon innverknad på det biologiske mangfaldet i elva, då rundt 100 meter av bekken vart kanalisert.

Artsfunn: I Svortavikbekken finst raudlisteartane kongeaugestikkar (R) og elvemusling (V). Av elvemusling vart det i 2002 funne 5-6 individ mellom Svortaviktjønna og Europavegen. Kongeaugestikkaren held seg helst nedstrøms Europavegen, men eit fåtal vert av og til sett på hi sida framover mot Svortavatnet. Elles er det også her funne 12 augestikkarartar til no, og til liks med dei andre omtala områda, burde her vere potensiale for fleire. Registrerte artar: brun augestikkar *Aeshna grandis*, vanleg augestikkar *Aeshna juncea*, vanleg blåvassnymfe *Coenagrion hastulatum*, kongeaugestikkar *Cordulegaster boltoni*, stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, vanleg metallvassnymfe *Lestes sponsa*, lita torvlibelle *Leucorrhinia dubia*, firefleck-libelle *Libellula quadrimaculata*, raud vassnymfe *Pyrrhosoma nymphula*, myr-metallaugestikkar *Somatochlora arctica*, vanleg metallaugestikkar *Somatochlora metallica*, svart haustlibelle *Sympetrum danae*. Elles finst frosk og padde. Også småaure og stingsild. Av vassplanter er det notert kysttjønnaks, krypsiv, bukkeblad, grøftesoleie, sumphaukeskjegg, engstorr, elvesnelle, flaskestorr. I Svortaviktjønna fanst flaskestorr, kvit nøkkerose, torvull, duskull, myrmaure og tusenblad. Det vart funne vårbekksopp på ved i bekken.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit velutvikla viktig bekke­drag med rike augestikkarførekomstar, særleg den raudlista kongeaugestikkaren, og dessutan bestand av eit fåtal levande elvemusling, som står i høgare raudlistekategori (V) og dessutan er freda.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå alle fysiske inngrep i og rundt tjønna. Bekken må takast vare på heilt opp til Svortavatnet, og ein må unngå tiltak i vassdraget som skapar grums i vatnet. Elvemuslingen er freda og må få vera i fred.

34 Svorta: Svortavatnet (ferskvatn, myr)

Lokalitetsnummer:	1529-34 (tidlegare Naturbasen 152906618, no del av Urdfjellet 152906602)
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 754-763, 303-340
Høg­d over havet:	52 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Andre viktige førekomstar
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, forureining, forstyrning av fuglar i hekketida
Undersøkt/kjelder:	Naturbasen, 10.08.1996, 15.07.1997, DH, 18.09.1999 og 06.06.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skogsvatn med belte av vassvegetasjon. Søraustenden er ein del av Ørnnakken naturreservat.

Vegetasjon: Flyteblad- og vassengvegetasjon, spreidd noko torvmose (*Sphagnum*) i kantane.

Kulturpåverknad: Liten. Ein rasteplass på nordsida.

Artsfunn: Området til den raudlista kongeaugestikker i bekken mot Svortavika strekkjer seg heilt opp til Svortavatnet, men er knytt til Svortabekken (eigen lokalitet). Noterte planteartar (dårleg undersøkt): krypsiv, flaskestorr, tjønnaks, kvit nøkkerose, sumpblærerot, bukkeblad, kysttjønnaks, elvesnelle, botnegras, grøftesoleie. Elles padde- og froskebestand, mykje hoggorm på solsida om våren. Hekkeområde for kravfulle våtmarksfugl som kvinand, siland og storlom, men sistnemnde er no forsvunnen som ei følge av forstyrning i hekketida. Fiskeplass for hegre.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei tjønn som truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B, men som m.a. har funksjon for padde. Som viltlokalitet vil tjønna kunne få høgare verdi. Det er verdt å merka seg at inngrep her oppe kan få innverknad på A-lokaliteten Svortavikbekken.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå tekniske inngrep og forureining. Dessutan er forstyrning av hekkande fugl uheldig.

35 Utvikfjellet: Regnvatnet, Tremannsvatna (ferskvatn, myr)

Lokalitetsnummer:	1529-35
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 701 306
Høgde over havet:	300 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn, myr
Naturtype:	Naturleg fisketome innsjøar og tjønner, rikmyr
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	Korsmo & Svalastog (1997), Holtan (1999a), 20.07.2002, DH

Områdeskildring

Generelt: Fleire tjønner som ligg saman ved høgste området på Utvikfjellet, inne i lokaliteten Utvikfjellet, som er skildra som eigen lokalitet.

Vegetasjon: Ombrotrof myrvegetasjon, i hovudsak fattig flatmyr. I vatna enger av flaskestorr og noko flytebladvegetasjon.

Kulturpåverknad: Bekken ut frå Tremannsvatna er forsøkt kanalisert og senkt noko i nordaust.

Artsfunn: Levestad for både amfibium (frosk og padde) og augestikkerar (vanleg augestikker, brun augestikker, raud vassnymfe, vanleg blåvassnymfe, metallvassnymfe, fireflekklibelle, svart haustlibelle, raudbrun haustlibelle og lita torvlibelle). Ved Tremannsvatna er det registrert botaniske kvalitetar som soleinykkerose *Nuphar pumila* (Korsmo & Svalastog 1997 gav feilaktig opp gul nykkerose), og denne er sjeldsynt på Sunnmøre. Ho veks sparsamt i alle tre vatna. Her er det òg innslag av mellomrik myr med m.a. breiull *Eriphorum latifolium* (Fylkesmannen 1990).

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein ferskvasslokalitet med m.a. padde og den regionalt sjeldne soleinykkerosa. Lokaliteten tilfredsstillar kanskje ikkje kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Ein bør leggja på plass att steinane og torvlaget som er fjerna (sjå over) nordaust i Tremannsvatna, då dette inngrepet har ført til lågare vasstand enn kva som er naturleg og ønskeleg.

36 Brusdalen: Slettebakktjønna (ferskvatn)

Lokalitetsnummer:	1529-36
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 715 307
Høgde over havet:	30 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Dammar
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Dolmen (1995), Holtan (1999a), 12.07.2002, DH

Områdeskildring

Generelt: Denne tjønna ligg ved Slettebakken i den austre delen av Brusdalsvatnet, og ho er omkransa av skog på alle kantar, og har ein del vassvegetasjon. Avgrensinga har teke med all kantvegetasjonen, både det vesle

myrområdet i aust, og heile den glisne skogen på sørsida. Det mest interessante ved Slettebaktjønna er insektfaunaen og gode bestandar av padde. Dolmen (1995) gjorde framlegg om naturreservat.

Vegetasjon: Flyteblad- og vassengvegetasjon, noko torvmose (*Sphagnum*) i kantane.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er omgjeven av lokalveg, Europaveg 39/136 og busetnad.

Artsfunn: Det er funne mange augestikkarartar i tjønna: brun augestikkar *Aeshna grandis*, firefleck-libelle *Libellula quadrimaculata*, kystvassnymfe *Ischnura elegans*, lita torvlibelle *Leucorrhinia dubia*, raud vassnymfe *Pyrrosoma nymphula*, raudbrun haustlibelle *Sympetrum striolatum*, stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, svart haustlibelle *Sympetrum danae*, vanleg augestikkar *Aeshna juncea*, vanleg blåvassnymfe *Coenagrion hastulatum*, vanleg metallvassnymfe *Lestes sponsa* og variabel blåvassnymfe *Coenagrion pulchellum*. Tjønna er ei av dei få i distriktet som har bestandar av dei tre kyst- og låglandsartane kystvassnymfe, variabel blåvassnymfe og raudbrun haustlibelle. I gode år kan ein vere heldig og få oppleve masseklekking av kystvassnymfa, og då er det ikkje få hundre individ som er ute og prøver vengane. Eit anna særmerke for tjønna er at alle vassnymfene som er funne på Sunnmøre til no (6 artar) finst her, og sjølv på Nordmøre, som nok kan skilte med enda fleire vassnymfeartar, er det sjeldsynt med så mange vassnymfer i ei og same tjønn. Av amfibium er her både frosk og padde i rikeleg mengd, og her er også ein del småaure som er populær mellom dei som er bitne av fiskebasillen. Ifølgje Naturbasen hekkar grasender og vadarar.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av viktig funksjon for insekt og amfibiar.

Skjøtsel og omsyn

Det er ikkje noko i veien for å tynne litt til ved. Myr- og blautområda bør få stå i fred.

37 Brusdalen: Sandvika, vestre del (gammal edellauskog)

Lokalitetsnummer:	1529-37
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 722-730, opp til 150 m-koten sør for vatnet
Høgde over havet:	26-150 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gammal edellauskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Hogst, treslagskifte, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Holtan (2001a), 29.07.2003, Gudmund Moen, Kåre Homble, Bjørn Petter Løfall, GGa, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Området strekkjer seg frå Sandvika i Brusdalsvatnet og vest til kommunegrensa mot Ålesund, straks vest for Ørnakkane naturreservat. Avgrensinga følgjer strandlina nedst og i store trekk 200 m-kota øvst. Lia er eksponert mot nord. Skogen her er fleiraldra med etter måten ein stor andel i aldringsstadium, og mykje grove tre av både alm, bjørk, rogn og heilt i aust også noko osp. Almene er opp til 20 m høge, med stammevermål opp til om lag 80-90 cm for dei grøvste, noko som tyder at dei har vore her lenge. Dei har ikkje vore styva eller hogd, og det vart heller ikkje funne beiteskarar. Her er mykje høgstubbar og læger, også almelæger, og fleire av dei er heilt nedbrotne. Ein fleirstamma bjørkehøgstubbe har eit kringmål på heile 5 m eller meir, og her er ein seljelåg på nærare meteren i tverrmål, jamvel levande selje med tverrmål opp til 1,2 m. Almene vart ikkje talte, men eit par hundre er det truleg. Dette kan vere den best utforma skogen av denne naturtypen i ytre strok i fylket, kan hende òg ein av dei beste på Vestlandet. Skogen må etter dette reknast som kontinuitetsskog. Artsinventaret gjer at denne lokaliteten er ein av få som kan reknast som boreonemoral regnskog i Møre og Romsdal.

Vegetasjon: Mykje av skogen kan reknast som gråor-almeskog, men med bjørk som det viktigaste treslaget. Her er òg innslag av hassel (dessutan krossved) og elles dei vanlege boreale lauvtree med mykje høgstaude- og storbregnevegetasjon og noko på blåbærmark. Området er sær sers frodig, og her er god moldjord med høg produksjon, noko som viser seg med mykje høgstaudar som brennesle, firblad, skogstjerneblom, skogsvinerot, strutsvegg, turt og kvitsoleie m.fl. i tillegg til dei store felte med storbregnar (mest ormetelg, noko raggtelg).

Kulturpåverknad: Sporadisk vedhogst, innslag av planta gran.

Artsfunn: Lokaliteten er sers rik på lavartar. Mest oppsiktsvekkande her er funn av den sjeldsynte, raudlista **kranshinnelaven** *Leptogium burgessii* (V=sårbar). Flest funn vart gjort på rogn, nokre få på alm eller hassel. Denne er både ny for fylket og ny norsk nordgrense. Frå før er han funnen nord til Atløy i Sunnfjord, og totalt er om lag 20 norske funn registrerte. Førekomsten her er også truleg mellom dei beste i landet (Holtan 2001a). Dei sjeldsynte buktporelav, rund porelav, groplav og skrukkelav og den omsynskrevjande (DC) skorpefiltlaven *Pannaria ignobilis* vart også funne. Av mikrolav er det særleg grunn til å nemna *Arthonia arthonioides* og *Pyrenula harrisii* (denne på rogn), skjellnål *Chaenotheca trichialis* og skuggenål *Chaenotheca stemonea*, dessutan *Gyalecia geoica* (3. funn i fylket). Fleire av desse er ført opp på ei uoffisiell raudliste for skorpelav (skorpelavane er enda ikkje vurderte for den norske raudlista). Lungenever-samfunnet er uvanleg godt utvikla,

med ei mengd av gode signalartar, m.a. kystnever og sølvnever. Av mosar vart det funne ei rekkje kystbundne og fuktkevrande artar, men ingen raudlisteartar, sjå liste i vedlegga bak i rapporten. Blant dei mest interessante var heimose, pusledraugmose, skjermose, fleinljåmose, vengemose, dronningmose, larvemose og fjordtvebladmose. Av sopp er det verd å nemne den omsynskrevjande narrepiggsoppen *Kavinia himanita*. Noko uventa vart det funne varmekjære planteartar som krossved, sanikel og mykje tannrot, elles er her mykje myske og ein del av andre artar som strutsvegg, trollbær, kranskonvall, myskegras, olavsstake, ramslauk, sanikel, skogfredlaus og trollurt. Gullstjerne vart også funne, ein art som er sjeldan på Vestlandet.

Verdsetting: Verdien knyter seg her i Sandvika i tillegg til dei biologiske kvalitetane også til storleik, fråvere av inngrep, og elles til landskapsestetiske, pedagogiske og vitskaplege verdiar. Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein velutvikla gammal edellauvskog med stort artsmangfald, ein av dei nasjonalt sett viktigaste førekomstane av raudlistearten kranshinnelev, og førekomst av fleire andre raudlisteartar.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at området vert halde urørt av hogst. Dei mindre granplantingane i området bør, etter at dei er tekne ut, gå inn att i biotopen som restaureringsområde.

38 Brusdalen: Skinstadreset naturreservat (kystfurskog m. barlind)

Lokalitetsnummer:	1529-38 (Naturbasen 152908804)
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 747 309 – 766 314
Høgde over havet:	65-120 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Kystfurskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (naturreservat, verna 13.10.2000)
Undersøkt/kjelder:	Korsmo (1976), 10.07.1991 (Lindmo m. fl. 1991), Haugen (1992), Holtan (2001a), 21.01.1999, 21.09.2002, DH

Områdeskildring

Generelt: Kystfurskog med barlind på nordsida av Europaveg 39/136, frå Digernesskiftet til austenden av Brusdalsvatnet. Bestanden er likevel viktig som "frøbank" for arten sine utpostar mot nord. Berggrunnen er gneis. Området er verna som naturreservat. Området er målt opp og koordinatfesta.

Vegetasjon: Furskogsområde som i store deler er av blåbær-småbregnetypen. I gode parti har vegetasjonen eit klart lågurtpreg. I dei nedste, rikaste delane kjem m.a. svartor, hassel og nokre varmekjære urter inn.

Kulturpåverknad: Området har tidlegare vore beita og barlinda vart nytta til pyntegrønt.

Artsfunn: Raudlisteartar av sopp er grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* og pukkelkremle *Russula coerulea* i tillegg til ein sjeldan art som rustskjela slørsopp *Cortinarius spilomeus*. Av lav kan nemnast raudlistearten skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* og den sjeldne skorpelaven *Pyrenula harrisii* (skorpelav som er kandidat til raudlista). Barlind er spreidd i heile den sørvendte lia. Det vart registrert 26 tre, av desse 17 ho- og 8 hanntre. Dei høgste går opp i 9 m, med stammekringmål på inntil 120 cm. Soppen *Capnobotrys dingleyae*, som i Norge berre er funnen på gamle barlinder på Sunnmøre (og i Vestnes) vart registrert på fleire av dei gamle barlindene. Særleg interessant mellom karplantane er sanikel og skogfredlaus. Elles er det registrert vivendel, liljekonvall, krossved, myske, firblad, grov nattfiol, heistorr, kystmaure og heiblåfjør.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av god bestand av barlind med begge kjønn til stades, og frøproduksjon.

Skjøtsel og omsyn

Området er verna, men det er truleg dårleg forynging på barlind på grunn av hard beiting av hjort vinters tid. Vinterstammene av hjort bør haldast nede på eit lågare nivå for å oppnå målet med vernet.

39 Brusdalen: Ørnakktjønn (dammar)

Lokalitetsnummer:	1529-39
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 749 296
Høgde over havet:	85 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Dammar
Prioritet:	A (svært viktig)

Mulege truslar: Lokalteten ligg innanfor det verna området Ørnnakken.
Undersøkt/kjelder: Dolmen (1991), Dolmen & Strand (1997), juli 1996, DH, 30.07.2003, DH, KJG m.fl.

Områdeskildring

Generelt: Myrtjønn med registrert paddebestand. I 2003 vart det og funne blodigle i tjønna.

Vegetasjon: Flyteblad- og vassengvegetasjon med torvmose (*Sphagnum*) i kantane.

Kulturpåverknad: Ingen synleg.

Artsfunn: Bestand av padde er registrert. I tillegg ein del vanlege augestikkaartar (DH), småaure og stingsild.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomst av den raudlista blodigla, som no til dags er svært sjeldan. Paddebestanden er og verdifull.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at tjønna får liggja mest muleg urørt og at ein ikkje set ut fisk.

40 Brusdalen: nord for Glomsetskardet (fisketom dam)

Lokalitetsnummer: 1529-40
Kartblad: 1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89): LQ 748 300 (748 302 er truleg ED50)
Høgde over havet: ca. 90 m
Hovudnaturtype: Ferskvatn
Naturtype: Naturleg fisketome innsjøar og tjønner
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Utsetting av fisk, lokaliteten ligg innanfor det verna området Ørnnakken.
Undersøkt/kjelder: Dolmen (1991), 09.06.1986, J. Rabben, 01.05.1987, Dolmen m. fl. (1994), Dolmen & Strand (1997)

Områdeskildring

Generelt: Myrtjønn med interessante zoologiske verdiar. Tjønna ligg i ei dolp i terrenget, omgjeven av furuskog. Ho er ca. 50 m i diameter, har brungult vatn og både grunne og djupare parti. Vassprøve 09.06.1986 viste pH: 6,0, Ca: 1,2 mg/l, Mg: 0,6 mg/l, konduktivitet (K25): 30µS/cm, fargetal: 91 mg Pt/l.

Vegetasjon: Flytebladvegetasjon av bukkeblad og kvit nøkkerose. I strandsona torvmosematter og litt størr.

Kulturpåverknad: Liten.

Artsfunn: Ved sida av Ørnakktjønna og Iglejtjønna på Håjem den einaste sikre intakte lokaliteten med raudlistearten blodigle i fylket, oppdaga i 1986 av J. Rabben. Eit forsiktig overslag tyder på ein iglebestand på minst 2-3 dusin. Elles førekomst av padde og frosk. Blodiglene lever om våren av å suga blod av padder som parrar seg, og dermed ikkje er så raske til å koma seg unna. Det er muleg at dei lever ein stor del av året på dette festmåltidet. Paddebestanden vart i april/mai 1986 taksert til mange hundre, kanskje 1000 dyr (J. Rabben). Nokså få frosk. Relativt rik fauna til myrtjønn å vera (Dolmen (1991)). Tjønna er utan fisk. Hans Strøm (1766) skreiv om "oppdrett" av blodigler på Håeim (Håheim), 5 km lenger aust.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomsten av raudlistearten blodigle. Bestanden av padde er også verdfull.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at tjønna får liggja mest muleg urørt og at ein ikkje set ut fisk.

41 Uksenøya: Ørnnakken naturreservat (kystfuruskog m. barlind)

Lokalitetsnummer: 1529-41 (Naturbasen 152906604)
Kartblad: 1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89): LQ 74-76, 29-30
Høgde over havet: 30-350 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Kystfuruskog, gammal barskog
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Ingen kjende (verna som naturreservat)
Undersøkt/kjelder: Naturbasen, Gaarder (1996), Moe (1996), Bugge (1993), Holtan (1999a), 22.09.2002, DH, 29.07.2003, KJG, DH m. fl. (ekskursjon Botanisk Forening)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er avgrensa om lag som naturreservat, med det unntaket at Svortavatnet er halde utanfor fordi det er skildra som eigen lokalitet. Ørnakktjønna og ei tjønn til (lokalitetane 39-40) er og skildra som egne lokalitetar sjølv om dei ligg inne i reservatet. Storvaksen kystfuruskog, stadvis svært storstamma og grov. På dei høgste nivåa er det furutre som er over 300 år, og skogen viser tegn på lang kontinuitet med innslag av noko gadd og læger, altså naturtype gammal barskog. Det er fire kjerneområde med særleg tett førekomst av barlind innanfor lokaliteten.

Vegetasjon: Storvaksen kystfuruskog med bregner og blåbær. Blåbærfuruskog er den vanlegaste typen. Artsrik furuskog med hassel er og vanleg.

Kulturpåverknad: Hogst, treslagsskifte og nokre traktorvegar.

Artsfunn: Planter: Den raudlista bregnen bruntelg er funnen. Bestanden av barlind er talt til 154 individ (Holtan 1999), noko som gjer lokaliteten til den nest største barlindbestanden i fylket. Av planter elles er det notert fuglereir, furuvintergrøn, grønburkne, gullstjerne, jordnøtt, knerot, liljekonvall, ramslauk, sanikel, taggbregne, vivendel, skogfredlaus, fagerperikum og myske. På gode lokalitetar også kusymre. Raudlista soppantar: prydhette *Mycena pura* (DC), blomkålsopp *Sparassis crispa* (DC), falsk brunskrubbe *Porphyrellus porphyrosporus* (R), grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC), gullkremle *Russula aurea* (DC), kokskremle *R. anthracina* (R), marsipankremle *R. grata* (R), pukkelkremle *R. coerulea* (R) og rustkjuke *Phellinus ferruginosus* (DC). Andre sjeldne soppar: blodkjuke *Gloeoporus taxicola*, gulrandkjuke *Phaeolus schweinitzii* og *Antrodia sitchensis*. pluss rustskjela slørsopp *Cortinarius spilomeus*. Lokaliteten er svært rik på lavartar som signaliserer verdifulle skogsmiljø. Den raudlista skorpefylltaven *Fuscopannaria ignobilis* (DC) vart påvist. Kandidatar til raudlista for skorpelav: kvithovudnål *Chaenotheca gracilentia* (ved Svortavatnet), kystdoggnål *Sclerophora peronella*, *Arthonia stellaris*, *Cliostomum leprosum*, *Pyrenula laevigata*, *Pyrenula harrisii*. Elles er raudlisteartane gråspett og kvitryggspett funne hekkande, og i tillegg raudstjert, storfugl og tretåspett. Sistnemnde er ein svært sjeldan hekkefugl på Sunnmøre.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit område med gammal barskog og kystfuruskog som er svært artsrikt på raudlisteartar og kravfulle artar tilknytt gammal skog. I tillegg er det gode førekomstar av barlind.

Skjøtsel og omsyn

Området er verna. Det er her påvist mange kvalitetar, særleg i stroka rundt Hjashusnakken, som gjer det sterkt ønskjeleg at området blir teke vare på for framtida utan hogst og andre inngrep.

42 Uksenøya: Litletjønna (ferskvatn)

Lokalitetsnummer:	1529-42
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 758 288
Høgde over havet:	20 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn
Naturtype:	Dammar
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Juli 1996, DH

Områdeskildring

Generelt: Lita tjønn ved Glomset, som ligg ved vegen til setrane i området (Nerstølen og Øvrestølen).

Vegetasjon: Flyteblad- og vassengvegetasjon med torvmose (*Sphagnum*) langs kantane.

Kulturpåverknad: Granplanting på sørsida.

Artsfunn: Frosk, padde og ein del vanlege augestikkerar.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av registrert paddebestand, lokaliteten tilfredsstillar truleg ikkje kriteria for B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i og rundt tjønna.

43 Uksenøya: Honningdalselva (bekkekløft)

Lokalitetsnummer:	1529-43
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 742 287
Høgde over havet:	25-200 m

Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Bekkekløft
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	ca. 1999, DH

Områdeskildring

Generelt: Det avgrensa området strekk seg frå Røyrvatnet om lag inn til Vallesætra, og det er berre tale om ei smal stripe etter elvekanten. Einskilde gamle osper og andre grove tre er av særskilt interesse saman med nokre grove læger hist og her.

Vegetasjon: Vegetasjonen varierer som rimeleg er mykje på strekninga, og frå mykje hassel i heimste enden går det meir over i bjørk og rogn framover mot Vallesætra. Gråor går igjen i mest heile det avgrensa området. I fremste delen er det mykje høgstaudar og storbregnar, elles er det lett blanding heimover mot Røyrvatnet.

Kulturpåverknad: Røyrvatnet har først vore demt opp og så seinka igjen. Elva har vore kanalisert ved Nerstølen. Det finst elles diverse spor etter anleggsarbeidet.

Artsfunn: Her er det lav som er mest interessant, og både raudlistearten skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis*, den sjeldsynte skorpelaven *Arthonia arthonioides* (kandidat til raudlista), og skrukkelaven *Platismatia norvegica* vart funne. Skrukkelaven er til vanleg noko spreidd i vår region, og veks helst på nord- til austvendte bergveggar, men her vart han funnen på både bjørk, furu og eider i tillegg til steinblokk, jamvel langt ute på tynne einekvistar, noko som truleg skuldast det skuggefulle og fuktige miljøet ved elvegjelet.

Lungeneversamfunnet er elles godt utvikla med mange artar. Ein god bestand strutseveng står i den trongaste delen (sør for Øvstestølen). Elles er det funne firblad, kranskonvall, kvitsoleie, myske og myskegras.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av førekomst av einskilde kravfulle, dels raudlista artar.

Skjøtsel og omsyn

Oreskogen bør restaurerast der han har vore fjerna. Gran som nokre stader står heilt ned til elva kunne med fordel ha vore fjerna.

44 Uksenøya: Rognevika, vestre del (svartor)

Lokalitetsnummer:	1529-44
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 747 264
Høgde over havet:	0-40 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rikare sumpskog, rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	ca. 1999, DH

Områdeskildring

Generelt: Området ligg litt vest for Rognevika, og er inneklemt mellom vegen og sjøen. Avgrensinga er frå hytteeigedomen og om lag eit par hundre meter vestover. Skogen har tydeleg vore beita i si tid, og etter kvart har det utvikla seg ein høgstamma svartorskog og kraftige hasselkratt.

Vegetasjon: Svartorstrandskog og rike kysthasselkratt. Dette er eit av særst få godt utvikla svartorområde i kommunen, med eit godt innslag av grov hassel og mykje bjørk. Det er mest småbregne- og lågurtvegetasjon, med litt høgstaudar og storbregnar i fuktige parti. Området kan reknast som boreonemoralt (varmekjært).

Kulturpåverknad: Påverknaden etter beitetida er liten, og her ser heller ikkje ut til å ha vore veda noko særleg. I vest, opp mot vegen, er det hogd ut lauvskog og planta gran, utan at dette verkar inn på det som vart avgrensa, elles er her ung platanlønn i området.

Artsfunn: Det er funne varmekjære artar som ramslauk, sanikel, breiflangre, kransmynte, krossved, skogbjønnebær og skogfredlaus, og typisk nok er her òg mykje myske og jordnøtt. Jordnøtt plar det alltid vere mykje av i tidlegare beita område. Ein annan interessant art er gul frøstjerne som vart funne på stranda. Denne arten veks gjerne i svartorstrandskog, men er relativt sjeldan i fylket.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit edellauvskogsområde med visse kvalitetar, men ingen raudlisteartar. Ein kan likevel truleg vente at ein del sopp knytta til rike hasselkratt vil kunne finnast her.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå flatehogst og større fysiske inngrep.

45 Uksenøya: Heggebakklia (kystfurskog)

Lokalitetsnummer:	1529-45
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 745 269
Høgd over havet:	160-450 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Kystfurskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep inkl. alle skogbruksaktivitetar
Undersøkt/kjelder:	11.12.2002, DH

Områdeskildring

Generelt: Her er det tale om den sør- til søraustvendte lia ved Heggebakksætra, frå skogsvegen (160-180 m o.h.) heilt opp til tregrensa (om lag 450-480 m o.h.). Skogen er her fleirsjikta og fleiraldra med ein del grove tre. Med aukande høgd oppover mot skoggrensa aukar innslaget av eldre tre, og det er truleg rett å nemne denne delen som fjellfurskog i aldersfase. Her er altså mykje grove tre, og kringmålet er over 180 cm for dei grøvste heilt opp til om lag 400-450 m o.h., og det er nok lenge sidan her har vere plukka. Innslag av barlind.

Vegetasjon: Dette er kystfurskog i mest einsarta bestand, med berre små innslag av ospegropper og noko bjørk og hassel. Nokre få barlinder vart også funne. Nedst i lia er det noko lågurtskog, medan det oppover går meir over i blåbær- og lyngfurskog. På dei konkave terrengformene er det fuktig, med innslag av myrflekkar, medan det er tørrare på "nasen" som stikk fram om lag midt i området.

Kulturpåverknad: I nedste delen ved skogsbilvegen vert det for tida teke ut litt furu, og ein kan også sjå spor etter tidlegare dimensjonshogst som overgrodde røtestubbar. Det er ikkje granplantingar i det avgrensa området.

Artsfunn: Det vart registrert 14 barlindar, ikkje unplanter. I nedste delen er det eit jamt innslag av dei varme- eller næringskrevjande artane slike som breiflangre, fuglereir, jordnøtt, myske, krossved, ramslauk, sanikel, lundgrønaks og skogfredlaus, men desse går gradvis ut i takt med aukane høgd. Elles vart det funne furuvintergrøn og knerot, to typiske furskogsartar. Av sopp vart det på furu funne ein god gammalskogindikator som gulrandkjuke, på barlind også *Capnobotrys dingleyae*, medan det av lav og mosar ikkje vart funne spesielle artar utanom dei vanlege. Både gråspett (DC) og kvitryggspett (V) nyttar området heile året, frå tid til anna hekkar dei òg i sjølve lia. Hønsehauken er forsvunnen som hekkefugl etter å ha hatt tilhald her i fleire tiår. Storflugl finst.

Verdsetting: Heggebakklia og naboområdet i vest, Smågjæra, har ved sida av Ørnnakken i dag det mest intakte og interessante gammalskogområdet for furu i kommunen, og sjølv om desse to ikkje kjem heilt opp mot det som er verna her, kan dei likevel når det t.d. gjeld skogstruktur måle seg mot all annan kystfurskog i fylket. Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er kystfurskog med fleire godt utvikla gammalskogselement, varmekjære artar og dessutan førekomst av raudlista fugleartar.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera at ein unnlet å hogga i lia.

46 Uksenøya: Smågjæra (gammal kystfurskog)

Lokalitetsnummer:	1529-46
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 738 262
Høgd over havet:	ca. 200-400 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gammal barskog, gammal lauvskog, rik edellauvskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	24.11.1998, DH, GGa, KJG, 10.11.1999 DH, 22.04.2001, DH, august 2001, DH, PL og Osvald Grande, 10.12.2002, DH

Områdeskildring

Generelt: Området ligg noko vest for Heggebakklia, og er avgrensa straks vest for granplantasjen (der skogsvegen brått svingar nord mot Heggebakksætra) til over kommunegrensa. Lokaliteten ligg såleis i både Skodje og Ålesund (berre så vidt i Ålesund). Ei naturleg avgrensing mot sør er ved lifoten mot Bruna. Desse to områda går mest over i kvarandre. Skogen er fleiraldra med ein høg andel i aldringsstadium. Det vart t.d. funne furu med tverrmål på om lag 120 cm, 60-70 tre er grøvre enn 60 cm, og nokre av dei ser ut til å vere typiske pionétre med store greiner og omfangsrik krone. Eit tungt innslag av grov osp går att i heile området, og grov sprekkbark er karakteristisk for dei største. Det vart også funne tre fire almekallar (to av dei har tydeleg vore

styva), den største er nok meteren i diameter, og denne er delvis innhol. Elles er det mykje læger i lia, somme halvgrove (gjeld helst lauvtre), og noko grov gadd. Lengst mot vest kjem det inn blokkmark, og ein del mindre bergveggar er spreidd i heile lokaliteten. Øvste delen av lia ligg nær skoggrensa. Det er funne 7 barlindplanter. Det er òg verd å merke seg mange beitefurer for storfugl.

Vegetasjon: Hovudvegetasjonstype er (lågurt, blåbær og grasdominert) hasselrik furuskog med innslag av gråor-almeskog og ospegrupper. Dominerande treslag er bjørk, osp, hassel og furu. Det vart registrert for-yinging av alm, og ingen av trea som vart funne var beiteskada.

Kulturpåverknad: Ein og annan røtestubben syner tidlegare bruk, men skogen verker likevel upåverka i nyare tid slik han ser ut i dag.

Artsfunn: Raudlisteartar: Narrepiggssopp *Kavinia himantia* (DC) (på gammal alm), taigakjuka *Skeletocutis stellae* (DC) (på furulåg), skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* (DC) (LQ 737 264)(på gammal osp) og kystdoggnål *Sclerophora peronella* (raudlistekandidat) (på bjørkegadd). Raudlisteartane gråspett (DC) og kvitryggspett (V) er hekkefuglar i eller ved området mykje godt årleg, av og til også dvergspett, og både hønehauken og storfuglen nyttar området på heilårsbasis. Den sjeldne gulrandkjuka vart typisk nok (saman med furustokkjuka) funne på to av dei grøvste furutrea, og dei er sikre indikatorar på gammalskog på høg bonitet (Gaarder 1998, Ryman & Holmåsén 1984). Blodkjuka er ein annan indikatorart som også veks på furulæger. Signalarten pusledraugemose vart funnen på ein furulåg. Frå karplantelista kan nemnast barlind (7 stk.), mykje jordnøtt og myske, sanikel, trollbær, breiflangre, furuvintergrøn, olavsstake, ramslauk, skogfredlaus, tanntrot, trollbær, trollurt og taggbregne. Sanikelen veks jamvel heil opp til 300 m o.h.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein velutvikla gammalskog med førekomst av mange raudlisteartar frå ulike organismegrupper.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera å la området liggja urørt.

47 Uksenøya: Bruna (Sætrevegen) (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1529-47 (Naturbasen 152906602)
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 740-742, 260-263
Høgde over havet:	60-150 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, flatehogst
Undersøkt/kjelder:	01.07.1979, I. Røeberg, 14.11.1998, DH, GGa, KJG, 04.09.2001, DH

Områdeskildring

Generelt: Området ligg vest for Heggebakk, om lag ved kommunegrensa til Ålesund, og er avgrensa mellom dei fire bekkane som kjem ned frå fjellet på nordsida av lokaliteten. Avgrensinga i vest er etter det gamle bekkjuvet med ein i og for seg imponerande austvendt bergvegg. Mot sør er det avgrensa etter riksvegen, i nord etter liaksla mot lokaliteten Smågjæra. Desse to lokalitetane kan sjåast i samanheng, då dei ligg tett inntil kvarandre. Gradienten lågland/høgreliggjande område og edellauvskog/boreal barskog/blandingsskog er stikkord i den samanheng.

Vegetasjon: Rik hasselskog av lågurttype (reknast som ein truga vegetasjonstype av Fremstad & Moen 2001). Dette er eitt av berre få område i Skodje som kan reknast for å vere boreonemoralt (varmekjært, sjå Moen 1998), og det er difor av spesiell interesse. Her er etter måten mykje hassel, noko alm og barlind, og også ein del bjørk og osp. Mestdelen er lågurtskog, med innslag av nokre høgstaudar og storbregnar med blåbær spreidd hist og her. Vest i området er det gamle hasselkratt, medan det austover går meir over i bjørk og osp, med nokre gamle furuer øvst i lia.

Kulturpåverknad: Truleg har det vore veda litt frå tid til anna, men området verkar likevel nokolunde upåverka slik det ser ut i dag.

Artsfunn: Raudlista soppantar: svartnande kantarell *Cantharellus melanoxeros* (V, foreslått til Bernkonvensjonen), halmgul køllesopp *Clavaria flavipes* (V), *Entoloma exile* (DC), hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* (R), grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC), gullkremle *Russula aurea* (DC) og marsipankremle *Russula grata* (R). Vidare vart det funne stor soppklubbe *Cordyceps capitata*. Skorpelaven *Pyrenula laevigata* vart påvist, ein kandidat til raudlista for lav, og ein krevande art som finst på hassel i kystfuruskog. Lungeneversamfunnet var rikt utvikla. Av andre lavar kan nemnast blyhinnelav, kystfiltlav, kystnever, kystvrenge, lungenever, muslinglav, skrubbenever, sølvnever, vanleg blåfiltlav, *Thelotrema lepadinum* og *T. suecicum*. Den sparsame til sjeldsynte (i distriktet) grønsotnåla *Calicium viride* vart også funne. Skrukkelav veks på bergvegg i vest. For karplantane legg ein merke til ein god bestand av den sjeldsynte

skogsvingelen langsetter bekkedraget lengst vest i området. Planter elles: ask, barlind, breiflangre, fuglereir, furuvintergrøn, jordnøtt, kranskonvall, krossved, myskegras og skogbjønnbær.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein velutvikla rik edellauvskog (kysthasselkratt) med mange raudlisteartar og andre interessante artar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør la området vera mest muleg urørt.

Område med dårlege data eller usikker status

Både egne og andre sine undersøkingar har produsert data om lokalitetar som kunne vera aktuelle å undersøkje vidare og evt. avgrensa. Nedanfor vert det presentert ein del område som ikkje er avgrensa og prioritert i rapporten, men der det kan finnast prioriterte naturtypar som burde ha vore undersøkt betre eller avgrensa gjennom feltarbeid. Det finst t.d. ingen tydelege retningslinjer for grenseoppgangar mellom C (lokalt viktig) og ”ikkje lokalitet”.

Tabell 7. Område i Skodje kommune med dårlege data eller usikker status, som ikkje er avgrensa eller prioritert i rapporten. Interessante område som ikkje er godt nok undersøkte er tatt med her.

Lokalitet	UTM	Kommentar
Nihusen/ Markadelda	LQ 79-80 33-34	Ifølgje Naturbasen høgdedrag med kystfurusskog og spreidde førekomstar av barlind. Nordsida (Markadelda) er stort sett fattig og ingen prioritert naturtype med unntak av eit mindre ospeholt (GGa, DH). Usikkert om lokaliteten fortener verdi C.
Utvikfjellet	LQ 70-72, 31-32	Omtala av Korsmo & Svalastog (1997), seinare dels hogd. Dessutan granplantefelt og kraftline. Fattig, lågbonitets gråmosefuruskog langs toppane, knapt naturtype.
Uksenøya: Ytrevika, ved sjøen	LQ 780-782, 279-280	Hasselskog med einskilde interessante artar, undersøkt av Perry Larsen. Usikker verdi og avgrensing.
Uksenøya: Ytrevika, ovanfor vegen	LQ 782 283	Liten hasselskog med ein del stortviblad og 3 kristtorn (DH). Kunne vore avgrensa som liten edellauvskog. Usikker verdi og avgrensing.
Engeset: Grasdalen	LQ 811 372	Funn av solblom i 1977 (Frode Grasdalen). Uviss status og avgrensing.
Solnørvika	LQ 82 30	Utanfor reservatet er det truleg undervassenger med ålegras, men utstrekninga av desse er ikkje undersøkt.
Skodje: Berget- Indreberg	LQ 79 33	Muleg solblomlokalitet (Otto Berg ca. 1998, Arnfinn Skogen ca. 1991), er ikkje sjekka på rett årstid, kan vera naturbeitemark.
Opskar: Almskaret	LQ 764 352	Sørvendt skogli med alm, hassel, bjørk m.m., besøkt av Gunvor Opskar & JBJ 18.07.2002. Landskapet er oppstykkja av granfelt, men små hasselskogar kan avgrensast med godt kartgrunnlag tilgjengeleg. I tillegg finst nokre barlindar litt lenger aust (DH)
Skodjestraumen	LQ 773 324	Avgrensa i Naturbasen, sorterer under marin kartlegging.

VILTREGISTRERINGAR

Prosjektet har omfatta litt viltkartlegging. Prioritert oppgåve har vore å supplera/oppdatera kommunen si oversikt av viltobservasjonar. Denne er overlevert til kommunen. Sidan oversikta inneheld ein del sårbare opplysningar er ho ikkje presentert her. Nedanfor er det berre tatt med omtale av eit utval område som har ein funksjon for vassfugl. Desse førekjem stort sett i kommunen sitt eksisterande viltkart, og ein har derfor ikkje avgrensa desse lokalitetane i prosjektet.

Brusdalsvatnet: fleire småholmar

UTM (EUREF 89): LQ 71-72, 30, m.a. LQ 727 303
Undersøkt/kjelder: Tore C. Michaelsen & Sveinung Remøy 2000

Områdeskildring

Ei gruppe holmar i Skodje sin del av Brusdalsvatnet. Hekking av våtmarksfugl, m.a. kvinand og storlom.

Ellingsøyfjorden: Maurholmen

Lokalitetsnummer: Naturbasen 152901200
UTM (EUREF 89): LQ 694 337
Undersøkt/kjelder: Naturbasen

Områdeskildring

Dette er ein lite, berglendt holme nær kommunegrensa ved Taftasundet. Dels grasvegetasjon (fuglegjødsla), dels noko nakent berg. Lokaliteten var hekkeplass for hettemåse i 1994, men denne arten har tidlegare ikkje hekka her. Tidlegare har det hekka fiskemåse, og i gode år ternekoloni på inntil 200 par.

Ellingsøyfjorden: Snau-, Furu og Syreholmane

Lokalitetsnummer: Naturbasen 152907600
UTM (EUREF 89): LQ 753-758, 328.333
Undersøkt/kjelder: Naturbasen

Områdeskildring

Generelt: Låge grasholmar med til dels nakent berg. Området omfatter Snauholmane, Syreholmane og Furuholmen. Hekkeplass for sjøfugl. På Furuholmen har det hekka ternar.

Skodjevika: Floteholmen

Lokalitetsnummer: Naturbasen 152900600
UTM (EUREF 89): LQ 791 306
Undersøkt/kjelder: Naturbasen m.m.

Områdeskildring

Liten holme med tidlegare viltfunksjon (hekking av hegre til 1995). Det synest som at skogen har ein struktur som toler hegregjødsele. 1992-orkanen øydela ein del av reirtrea. Høgvaksen, frodig furuskog, underskog av lauvkratt. Undervegetasjonen er beita av geiter siste 10 åra, i 2002 gjekk her 5 dyr. Tradisjonell hegrekoloni som har eksistert her frå sist på 70-talet til 1995. I dag hekkar nokre par grågås, ærfugl og siland. Fuglane bør ikkje forstyrast i hekketida. Holmen verka noko overbeita.

Skodjevika: Småskjera

Lokalitetsnummer: Naturbasen 152900200
UTM (EUREF 89): LQ 795 322
Undersøkt/kjelder: Naturbasen

Områdeskildring

Låge grasholmar (Høgeskjeret og Flateskjeret) som er hekkeplass for ternar.

Skodjevika: Tennskjeret

Lokalitetsnummer: Naturbasen 152900800
UTM (EUREF 89): LQ 768 318
Undersøkt/kjelder: Naturbasen

Områdeskildring

Liten holme og skjær med hekkande sjøfugl.

Solnørdalen: Mevatnet

UTM (EUREF 89): LQ 871-884, 340-352
Undersøkt/kjelder: Samla Plan for vassdrag (1984), Loen (1991), Frøland (1999), Melby & Gaarder (2001)

Områdeskildring

Mevatnet (186 m) utgjer ein del av eit større våtmarkssystem som dels ligg i Ørskog, dels i Skodje. Vatnet er nokså næringsfattig, men har truleg fått tilført noko næring frå nydyrkingfelt i nedbørfeltet i dei seinare åra. Vatnet vert bruka noko som næringsområde for andefugl. Innslag av flyteblad- og vassengvegetasjon. Omkransa av myrar, i mindre grad skog. Vatnet har truleg fått tilført noko næring frå nydyrkingsfelt i nedbørfeltet i dei seinare åra. Vatnet er eit viktig næringsområde for andefugl, m.a. stökkand, krikkand, kvinand, toppand og siland. Også den raudlista storlomen hekkar i vatnet frå tid til anna, men han har no ikkje hekka på rundt 10 år. Fuglelivet er sårbart for forstyrring og nedbygging av gruntvassområda.

Svorta: Svortaholmen

UTM (EUREF 89): LQ 783 310
Undersøkt/kjelder: aug. 2001, DH, Jon O. Flem, 24.05.2002, DH

Områdeskildring

Skogkledd holme som var hekkeplass for hegre og er hekkeplass for sjøfugl. Etter måten gammal kystfuruskog (blåbærtypen) med innslag av boreale lauvtre. Epifyttfloraen, særleg lungeneversamfunnet, er godt utvikla og pregar mange av lauvtree på holmen. I sørvest 5 store bøketre (planta). Liten påverknad, men eit par sauer plar gå på beite her. Grågås, ærfugl og siland er funnen hekkande. Hegra er (mellombels?) forsvunne. Ein bør ikkje forstyrre fuglane i hekketida. Beiting bør haldast på dagens nivå med sauer.

Uksenøya: Storholmen

Lokalitetsnummer: 1529- (Naturbasen 152900900)
UTM (EUREF 89): LQ 765 272
Undersøkt/kjelder: Naturbasen

Områdeskildring

Høglennt holme med furuskog, lauvskog og lauvkratt. Parti med nakne berg. Hekkeplass for sjøfugl.

RAUDLISTEARTAR

Generelt

Med raudlisteartar meinest her artar som er oppført på den nasjonale raudlista (DN 1999b). Funn av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl er samanstilt for heile fylket av Gaarder & Jordal (2001), med seinare revisjonar (eigen database).

Følgjande kategoriar er nytta i raudlistene:

Ex	utdøydd	R	sjeldan
E	direkte truga	DC	omsynskrevande
V	sårbar	DM	bør overvakast

I tillegg er det nytta K=raudlistekandidat om artar som ikkje er med på raudlista, men kan vera aktuelle ved neste revisjon. For mange organismegrupper har ein ikkje oversikt over om det er kjent funn av raudlisteartar frå Skodje. Dette gjeld t. d. dei fleste grupper av virvellause dyr. Med større innsats i felt ville nok mange fleire slike funn bli gjort.

Tabell 8. Oversikt over registrerte funn av raudlistearter i Skodje av gruppene igler (*Hir*), lav (*L*), sommarfuglar (*Lep*), blautdyr (*Mol*), augestikkarar (*Odo*), planter (*P*), og sopp (*S*). Forkortingar for raudlistekategoriar er vist, like eins forkortingar for personnamn. 182 funn, av desse 151 av offisielle raudlistearter, dei øvrige er sjeldne skorpelav som er kandidatar til raudlista.

Finnarar		Raudlistekategoriar		Grupper	
AET	Anna-Elise Torkelsen	Ex	utdøydd	Hir	igler
DH	Dag Holtan	E	direkte truga	L	lav
GGa	Geir Gaarder	V	sårbar	Mol	blautdyr (ferskvatn)
JB	John Bjarne Jordal	R	sjeldan	Odo	augestikkarar
KJG	Karl Johan Grimstad	DC	omsynskrevande	P	planter
OG	Osvald Grande	DM	bør overvakast	S	sopp
PL	Perry Larsen	K	kandidat til raudlista (gjeld skorpelav)		
SS	Sigmund Sivertsen				

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
Hir	<i>Hirudo medicinalis</i>	blodigle	V	Glomsetskardet vest for Hjasusnakken, dam ved Ørnakktjønna (arten er freda)	09.06.1986	J. Rabben	LQ 748 300
Hir	<i>Hirudo medicinalis</i>	blodigle	V	Glomsetskardet vest for Hjasusnakken, dam ved Ørnakktjønna (arten er freda)	01.05.1987	J. Rabben, D. Dolmen	LQ 748 300
Hir	<i>Hirudo medicinalis</i>	blodigle	V	Glomsetskardet vest for Hjasusnakken, Ørnakktjønna (arten er freda)	30.07.2003	KJG, DH m. fl.	LQ 7490 2965
Hir	<i>Hirudo medicinalis</i>	blodigle	V	Håheim: Igletjønna (arten er freda)	00.05.1996	Hans Olsvik, DH	LQ 804 305
L	<i>Arthonia arthonioides</i>	-	K	Brusdalsvatnet: Vest for Sandvika	14.05.1999	DH, KJG	LQ 725 297
L	<i>Arthonia arthonioides</i>	-	K	Honningdalen (Nerstølen)	00.03.1999	DH	LQ 752 289
L	<i>Arthonia arthonioides</i>	-	K	Morkedalen (Markadelda)	15.11.1998	GGa, DH	LQ 809 345
L	<i>Arthonia arthonioides</i>	-	K	Nordvendt li øst for Svortavatnet	10.01.1998	GGa	LQ 763 306
L	<i>Arthonia stellaris</i>	-	K	Glomset: Hjashusnakken	14.03.1996	GGa	LQ 753 294
L	<i>Cliostomum leprosum</i>	-	K	Glomset: Hjashusnakken	14.03.1996	GGa	LQ 752 296
L	<i>Cybebe gracilenta</i>	kvithovudnål	K	Sandvika	27.07.2003	GGa, Bjørn Petter Løfall	LQ 743 297
L	<i>Cybebe gracilenta</i>	kvithovudnål	K	Svortavatnet	14.11.1997	GGa	LQ 762 306
L	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	skorpelitlav	DC	Brusdalsvatnet: Vest for Sandvika	14.05.1999	DH, KJG	LQ 725 297
L	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	skorpelitlav	DC	Glomset: Brokdalen	14.03.1996	GGa	LQ 765 295
L	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	skorpelitlav	DC	Glomset: Hjashusnakken	14.03.1996	GGa	LQ 753 296
L	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	skorpelitlav	DC	Glomsetsætra	14.03.1996	GGa	LQ 741 293
L	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	skorpelitlav	DC	Heggbakkliia, Vestre (Smågjera?)	10.11.1998	DH	LQ 737 264
L	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	skorpelitlav	DC	Honningdalselva	02.05.1999	DH	LQ 742 287
L	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	skorpelitlav	DC	Markadelda	15.11.1998	DH	LQ 811 343
L	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	skorpelitlav	DC	Skinstadretset	21.01.1999	DH	LQ 753 309

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
L	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	skorpefjelllav	DC	Straumsdalen	28.04.1996	GGa	LQ 785 335
L	<i>Leptogium burgessii</i>	kranshinnelev	V	Brusdalsvatnet: Vest for Sandvika	14.05.1999	DH	LQ 725 297
L	<i>Leptogium burgessii</i>	kranshinnelev	V	Brusdalsvatnet: Vest for Sandvika	29.07.2003	GGa, JBJ, Kåre Homble, Gudmund Moen, Bjørn Petter Løfall	LQ 725 297
L	<i>Microcalicium ahlneri</i>	rotnål	K	Solnørelva ved Dekkjavatnet	24.10.1999	GGa, KJG, DH	LQ 854 315
L	<i>Pyrenula harrisii</i>	-	K	Brusdalsvatnet: Vest for Sandvika	14.05.1999	DH, KJG	LQ 725 297
L	<i>Pyrenula harrisii</i>	-	K	Brøthaugane NV for Hjashusnakken	21.01.1999	DH	LQ 749 302
L	<i>Pyrenula harrisii</i>	-	K	Glomset: Hjashusnakken	14.03.1996	GGa	LQ 753 294
L	<i>Pyrenula harrisii</i>	-	K	Liafjellet	18.01.1997	GGa	LQ 835 304
L	<i>Pyrenula harrisii</i>	-	K	Skinstadreset	21.01.1999	DH	LQ 750 308
L	<i>Pyrenula harrisii</i>	-	K	Straumsdalen	28.04.1996	GGa	LQ 785 335
L	<i>Pyrenula laevigata</i>	-	K	Glomset: Hjashusnakken	14.11.1997	GGa	LQ 752 297
L	<i>Pyrenula laevigata</i>	-	K	Heggebakksætra (Bruna)	14.11.1998	GGa, DH, KJG	LQ 742 263
L	<i>Sclerophora peronella</i>	kystdoggnål	K	Glomset: Glomsetskardet	14.11.1997	GGa	LQ 753 294
L	<i>Sclerophora peronella</i>	kystdoggnål	K	Heggebakksætra (Smågjæra)	14.11.1998	GGa, DH, KJG	LQ 737 264
L	<i>Sclerophora peronella</i>	kystdoggnål	K	Nordsida av Svarteløkvatnet	24.10.1999	GGa, DH, KJG	LQ 893 370
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	elvemusling	V	Svortabekken (arten er freda)	06.06.2002	BJJ	LQ 770-772 311
Od o	<i>Cordulegaster boltoni</i>	kongeaugestikker	R	Solnørelva, utløp Engjavatn	17.08.1996	DH, KJG	LQ 849 314
Od o	<i>Cordulegaster boltoni</i>	kongeaugestikker	R	Solnørelva, utløp Engjavatn	19.07.1996	DH	LQ 849 314
Od o	<i>Cordulegaster boltoni</i>	kongeaugestikker	R	Svortabekken, innløpsbekk Svortatjønna	10.08.1996	DH	LQ 771 312
Od o	<i>Cordulegaster boltoni</i>	kongeaugestikker	R	utløpsbekk Svortavatnet	15.07.1997	DH	LQ 768 310
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Brusdalen [oppgitt Ørskog kommune på etiketten]	23.07.1987	Tore Ouren	LQ 72 30
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Engeset	28.07.2001	DH	LQ 825 361
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Fremmerlia	16.07.2001	Tore Frøland	LQ 843 322
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Fremmerlia	xx.08.2001	DH	LQ 842 319
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Grasdalen	03.08.1977	Frode Grasdalen	LQ 811 372
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Indreberg	ca. 1998	Otto Berg	LQ ca. 796 332
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Nes	18.07.2002	BJJ	LQ 8024 3523
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Nihusen (nær Straumen)	Ca 1991	A. Skogen	LQ 77-78 33
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Opskar, ovanfor vegen	18.07.2002	BJJ	LQ 7591 3499

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Opskar, ved vegen	18.07.2002	JB	LQ 7642 3510
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Stad ukjent	1800-talet	Lid: herb Aasen	uplasserbar
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Storsætra	27.07.1998	DH, KJG	LQ 844 367
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Sætreelva	28.07.2001	DH	LQ 830 364
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Øyedalen	03.06.2002	DH	LQ 870 367
P	<i>Dryopteris expansa</i> var. <i>willeana</i>	bruntelg	DM	Gylet	02.06.2002	DH	LQ 843 355
P	<i>Dryopteris expansa</i> var. <i>willeana</i>	bruntelg	DM	Ørnnakken	05.07.1999	T. Frøland	LQ 740 298
S	<i>Antrodia sitchensis</i>	-	K	Glomsetmarka	14.03.1996	GGa	LQ 754 295
S	<i>Asterophora parasitica</i>	silkesnyltehatt	R	Fylling	07.09.2002	DH, PL	LQ 840 349
S	<i>Asterophora parasitica</i>	silkesnyltehatt	R	Fylling	15.09.1988	OG	LQ 84 35
S	<i>Asterophora parasitica</i>	silkesnyltehatt	R	Skodjebrua/Straumen, øydelagt av vegbygging	30.07.2002	PL	LQ 776 328
S	<i>Asterophora parasitica</i>	silkesnyltehatt	R	Solnørdalen	1991	OG	LQ 83-86, 30-31
S	<i>Bankera fuligineoalba</i>	lurvesøtpigg	R	Fylling	15.09.1988	OG & AET	LQ 84 35
S	<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	gulbrun narrevokssopp	DC	Fylling: Nedreli	08.08.1998	GGa	LQ 842 352
S	<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	gulbrun narrevokssopp	DC	Fylling: Nedreli	17.08.1994	P. Marstad	LQ 842 352
S	<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	gulbrun narrevokssopp	DC	Fylling: Nedreli	07.09.1995	GGa & JB	LQ 842 352
S	<i>Cantharellus melanoxeros</i>	svartnande kantarell	V	Skodjebrua/Straumen, øydelagt av vegbygging	20.08.2001	PL	LQ 776 323
S	<i>Cantharellus melanoxeros</i>	svartnande kantarell	V	Skodjebrua/Straumen, øydelagt av vegbygging	17.08.1995	PL & OG	LQ 777 322
S	<i>Cantharellus melanoxeros</i>	svartnande kantarell	V	Sætrevegen	04.09.2001	DH	LQ 742 263
S	<i>Capnobotrys dingleyae</i>	"fløyelsskorpe"	K	Brokdalen	15.09.1999	Tore Frøland	LQ 767 297
S	<i>Capnobotrys dingleyae</i>	"fløyelsskorpe"	K	Brøthaugen	21.01.1999	DH	LQ 750 303
S	<i>Capnobotrys dingleyae</i>	"fløyelsskorpe"	K	Fyllingsfjellet	08.05.1999	DH	LQ 868 357
S	<i>Capnobotrys dingleyae</i>	"fløyelsskorpe"	K	Glomsetsætra	01.03.1999	DH	LQ 741 295
S	<i>Capnobotrys dingleyae</i>	"fløyelsskorpe"	K	Gylet	31.05.2002	DH	LQ 841 356
S	<i>Capnobotrys dingleyae</i>	"fløyelsskorpe"	K	Heggebakkli	11.12.2002	DH	LQ 746 270
S	<i>Capnobotrys dingleyae</i>	"fløyelsskorpe"	K	Opskar	02.03.2003	DH	LQ 763 351
S	<i>Capnobotrys dingleyae</i>	"fløyelsskorpe"	K	Skinstadreset	21.01.1999	DH	LQ 752 310
S	<i>Capnobotrys dingleyae</i>	"fløyelsskorpe"	K	Sætreli	26.05.1999	DH	LQ 861 333
S	<i>Capnobotrys dingleyae</i>	"fløyelsskorpe"	K	Øvrestølen	01.03.1999	DH	LQ 739 291
S	<i>Clavaria flavipes</i>	halmgul køllesopp	V	Sætrevegen	04.09.2001	DH	LQ 742 263

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
S	<i>Clavaria zollingeri</i>	fiolett greinkøllesopp	V	Fylling: Nedreli	15.09.1988	AET	LQ 842 352
S	<i>Clavaria zollingeri</i>	fiolett greinkøllesopp	V	Fylling: Nedreli	26.09.1997	GGa & JBJ	LQ 842 352
S	<i>Clavaria zollingeri</i>	fiolett greinkøllesopp	V	Fylling: Nedreli	08.08.1998	GGa	LQ 842 352
S	<i>Clavaria zollingeri</i>	fiolett greinkøllesopp	V	Fylling: Nedreli	01.10.2003	Trond Schumacher, Anne Cathrine Sønstebø, Inkeri Männikkö & JBJ	LQ 842 352
S	<i>Entoloma atrocoeruleum</i>	-	DC	Fylling: Nedreli	26.09.1997	GGa & JBJ	LQ 842 352
S	<i>Entoloma caesiocinctum</i>	-	DC	Fylling: Steinsetetra	07.09.1995	GGa & JBJ	LQ 865 347
S	<i>Entoloma exile</i>	-	DC	Sætrevegen	04.09.2001	DH	LQ 742 263
S	<i>Entoloma griseocyaneum</i>	lillagrå raudskivesopp	DC	Fylling: Nedreli	08.08.1998	GGa	LQ 842 352
S	<i>Entoloma griseocyaneum</i>	lillagrå raudskivesopp	DC	Fylling: Nedreli	26.09.1997	GGa & JBJ	LQ 842 352
S	<i>Geoglossum uliginosum</i>	sumpjordtunge	E	Fylling: Nedreli	27.09.1995	GGa & JBJ	LQ 842 352
S	<i>Hydrasidium subviolaceum</i>	-	R	Fylling: Nedreli	19.09.1992	SS	LQ 84 35
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	DC	Fylling: Nedreli	19.09.1992	OG	LQ 842 352
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	DC	Fylling: Nedreli	26.09.1997	GGa & JBJ	LQ 842 352
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	DC	Fylling: Nedreli	08.08.1998	GGa	LQ 842 352
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	DC	Fylling: Nedreli	01.10.2003	Trond Schumacher, Anne Cathrine Sønstebø, Inkeri Männikkö & JBJ	LQ 842 352
S	<i>Hygrocybe fornicata</i>	musserongvokssopp	DC	Fylling: Nedreli	27.09.1995	GGa & JBJ	LQ 842 352
S	<i>Hygrocybe fornicata</i>	musserongvokssopp	DC	Fylling: Nedreli	26.09.1997	GGa & JBJ	LQ 842 352
S	<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	V	Fylling: Nedreli	06.09.1987	AET	LQ 842 352
S	<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	V	Fylling: Nedreli	08.08.1998	GGa	LQ 842 352
S	<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	V	Fylling: Nedreli	26.09.1997	GGa & JBJ	LQ 842 352
S	<i>Hygrocybe intermedia</i>	flammevokssopp	V	Fylling: Nedreli	17.08.1994	P. Marstad	LQ 842 352
S	<i>Hygrocybe intermedia</i>	flammevokssopp	V	Fylling: Nedreli	08.08.1998	GGa	LQ 842 352
S	<i>Hygrophorus karstenii</i>	gulskivevokssopp	DC	Brusdalen.	03.09.1987	OG	LQ 72 30
S	<i>Hygrophorus karstenii</i>	gulskivevokssopp	DC	Brusdalen: Reiakvam	10.09.2002	Valerie Larsen	LQ 775 307
S	<i>Hygrophorus karstenii</i>	gulskivevokssopp	DC	Brusdalen: Rollanstua	29.09.2002	Corinne Larsen	LQ 700 310

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
S	<i>Kavinia himantia</i>	narrepiggsopp	DC	Brusdalsvatnet: Vest for Sandvika	29.07.2003	GGa, JBJ, Kåre Homble, Gudmund Moen, Bjørn Petter Løfall	LQ 7231 2970
S	<i>Lactarius musteus</i>	fururiske	R	Lia	26.09.2001	PL	LQ 832 320
S	<i>Leccinum pseudoscabrum</i>	hasselskrubb	R	Brusdalen: enden av Brusdalsvatnet	25.09.2001	PL	LQ 750 301
S	<i>Leccinum pseudoscabrum</i>	hasselskrubb	R	Brusdalen: Reiakvam	30.09.2001	PL	LQ 70 30
S	<i>Leccinum pseudoscabrum</i>	hasselskrubb	R	Gylet	24.07.2002	DH	LQ 840 355
S	<i>Leccinum pseudoscabrum</i>	hasselskrubb	R	Lia	26.09.2001	PL	LQ 832 320
S	<i>Leccinum pseudoscabrum</i>	hasselskrubb	R	Skinstadreset	22.09.2002	DH	LQ 750 308
S	<i>Leccinum pseudoscabrum</i>	hasselskrubb	R	Skodjebrua/Straumen, øydelagt av vegbygging	20.08.2001	PL	LQ 775 323
S	<i>Leccinum pseudoscabrum</i>	hasselskrubb	R	Sætrevegen	04.09.2001	DH	LQ 742 263
S	<i>Leccinum pseudoscabrum</i>	hasselskrubb	R	Ytrevika	19.09.2001	PL	LQ 780 279
S	<i>Lepiota felina</i>	svartskjela parasollsopp	R	Håhjem	18.09.1998	PL	LQ 809 303
S	<i>Mycena latifolia</i>	alvehette	R	Fylling: Nedreli	16.08.1994	P. Marstad	LQ 84 35
S	<i>Mycena renati</i>	prydhette	R	Gylet	20.09.2002	DH	LQ 839 356
S	<i>Mycena renati</i>	prydhette	R	Ørnnakken	30.07.2003	DH m. fl.	LQ 751 297
S	<i>Peziza succosa</i>	gulnande begersopp	DC	Gylet	24.07.2002	DH	LQ 840 355
S	<i>Phellinus ferruginosus</i>	rustkjuke	DC	Ørnnakken	14.03.1996	GGa	LQ 753 296
S	<i>Phellodon melaleucus</i>	svartkvit sølvpigg	DC	Fylling	30.09.1992	PL	LQ 84 35
S	<i>Phellodon melaleucus</i>	svartkvit sølvpigg	DC	Stavset, flere funn.	1990-talet	OG	LQ 73 34
S	<i>Phellodon niger</i>	svartsølvpigg	DC	Valle, bak bensinstasjonen	19.09.2001	PL	LQ 788 292
S	<i>Polyporus umbellatus</i>	skjermkjuke	V	Valle, ytterkant av granfelt, nordgrense	06.09.1996	PL & OG	LQ 791 295
S	<i>Porphyrellus porphyrosporus</i>	falsk brunskrubbe	DC	Ørnnakken	22.09.2002	DH	LQ 751 297
S	<i>Porphyrellus porphyrosporus</i>	falsk brunskrubbe	DC	Ørnnakken	22.09.2002	DH	LQ 754 295
S	<i>Porpoloma metapodium</i>	grå narremusserong	V	Fylling: Nedreli	17.08.1994	P. Marstad	LQ 842 352
S	<i>Porpoloma metapodium</i>	grå narremusserong	V	Fylling: Nedreli	01.10.2003	Trond Schumacher, Anne Cathrine Sønstebo, Inkeri Männikkö & JBJ	LQ 842 352
S	<i>Porpoloma metapodium</i>	grå narremusserong	V	Fylling: Nedreli	06.09.1987	OG	LQ 842 352
S	<i>Porpoloma metapodium</i>	grå narremusserong	V	Fylling: Solli	24.10.1999	GGa	LQ 843 346
S	<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Fylling	19.09.1992	SS	LQ 83 34

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
S	<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Fylling	07.09.2002	DH, PL	LQ 842 343
S	<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Glomset	15.09.1988	AET	LQ 77 28
S	<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Gylet	20.09.2002	DH	LQ 840 356
S	<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Lia	26.09.2001	PL	LQ 843 347
S	<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Skinstadreset	21.09.2002	DH	LQ 756 309
S	<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Sætrevegen	04.09.2001	DH	LQ 742 263
S	<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Ytrevika	19.09.2001	PL	LQ 782 280
S	<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Ørnnakken	22.09.2002	DH	LQ 752 298
S	<i>Russula anthracina</i>	kokskremle	R	Skodjebrua/Straumen, øydelagt av vegbygging	31.07.2002	PL	LQ 777 329
S	<i>Russula anthracina</i>	kokskremle	R	Skodjebrua/Straumen, øydelagt av vegbygging	30.07.2002	PL	LQ 776 328
S	<i>Russula anthracina</i>	kokskremle	R	Ørnnakken	22.09.2002	DH	LQ 753 296
S	<i>Russula anthracina</i>	kokskremle	R	Fylling	23.09.2004	PL	LQ 8408 3488
S	<i>Russula aurea</i>	gullkremle	DC	Gylet	20.09.2002	DH	LQ 840 355
S	<i>Russula aurea</i>	gullkremle	DC	Sætrevegen	04.09.2001	DH	LQ 742 263
S	<i>Russula aurea</i>	gullkremle	DC	Ørnnakken	22.09.2002	DH	LQ 753 294
S	<i>Russula azurea</i>	drueblå kremle	DC	Fylling	28.08.2004	PL	LQ 838 347
S	<i>Russula azurea</i>	drueblå kremle	DC	Lia	00.10.1990	OG	LQ 825-829, 324-328
S	<i>Russula azurea</i>	drueblå kremle	DC	Skinstadreset	08.08.2003	PL	LQ 747 305
S	<i>Russula brunneoviolacea</i>	brunfiolett kremle	R	Fylling	29.07.2001	PL	LQ 841 350
S	<i>Russula coerulea</i>	pukkelkremle	R	Brusdalen: Brusdalsheimen	22.07.2002	PL	LQ 708 306
S	<i>Russula coerulea</i>	pukkelkremle	R	Brusdalen: Reiakvam	01.08.2002	PL	LQ 705 307
S	<i>Russula coerulea</i>	pukkelkremle	R	Brusdalen: Reiakvam/Rollandstua	27.07.2001	PL	LQ 700 309
S	<i>Russula coerulea</i>	pukkelkremle	R	Brusdalen: Rollanstua	02.09.2003	PL	LQ 698 309
S	<i>Russula coerulea</i>	pukkelkremle	R	Skinstadreset	21.09.2002	DH	LQ 758 310
S	<i>Russula coerulea</i>	pukkelkremle	R	Skinstadreset	20.09.2002	DH	LQ 7557 3092
S	<i>Russula coerulea</i>	pukkelkremle	R	Skinstadreset	21.09.2002	DH	LQ 756 309
S	<i>Russula coerulea</i>	pukkelkremle	R	Ørnnakken	22.09.2002	DH	LQ 753 296
S	<i>Russula coerulea</i>	pukkelkremle	R	Ørnnakken	22.09.2002	DH	LQ 753 296

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
S	<i>Russula grata</i>	marsipankremle	R	Fylling	29.07.2001	PL	LQ 841 350
S	<i>Russula grata</i>	marsipankremle	R	Fylling	08.10.2004	PL	LQ 8408 3488
S	<i>Russula grata</i>	marsipankremle	R	Gylet	24.07.2002	DH	LQ 840 356
S	<i>Russula grata</i>	marsipankremle	R	Opskar, ovanfor vegen	23.09.2003	JB	LQ 759 350
S	<i>Russula grata</i>	marsipankremle	R	Skodjebrua/Straumen, øydelagt av vegbygging	06.09.2001	PL	LQ 775 323
S	<i>Russula grata</i>	marsipankremle	R	Sætrevegen	04.09.2001	DH	LQ 742 263
S	<i>Russula grata</i>	marsipankremle	R	Ørnnakken	22.09.2002	DH	LQ 754 295
S	<i>Russula illota</i>	kantstankremle	R	Valle	04.09.2003	PL	LQ 790 298
S	<i>Russula maculata</i>	flekkremle	R	Honningdalsvågen	01.09.2002	PL	LQ 768 279
S	<i>Russula maculata</i>	flekkremle	R	Skodje	22.09.2002	PL	LQ 825 325
S	<i>Russula turci</i>	jodoformkremle	R	Brusdalen: Reiakvam	22.09.2002	PL	LQ 709 306
S	<i>Russula turci</i>	jodoformkremle	R	Fylling	23.09.2004	PL	LQ 8408 3488
S	<i>Russula turci</i>	jodoformkremle	R	Skodjeklubben	22.09.2002	PL	LQ 825 325
S	<i>Skeletocutis stellae</i>	taigakjuke	DC	Heggebakksætra (Smågjæra)	14.11.1998	GGa, DH, KJG	LQ 736 264
S	<i>Sparassis crispa</i>	blomkålsopp	DC	Glomset: Hjashusnakken	14.11.1997	GGa	LQ 753 296
S	<i>Thelephora penicillata</i>	skjeggfrynseopp	R	Fylling	09.09.2002	PL & DH	LQ 836 347
S	<i>Thelephora penicillata</i>	skjeggfrynseopp	R	Fylling	1990	OG	LQ 84 35
S	<i>Thelephora penicillata</i>	skjeggfrynseopp	R	Fylling	19.09.1992	Arne Indrebø	LQ 84 35
S	<i>Thelephora penicillata</i>	skjeggfrynseopp	R	Langneset	01.09.1996	PL	LQ 778 319
S	<i>Thelephora penicillata</i>	skjeggfrynseopp	R	Skodjebrua/Straumen, øydelagt av vegbygging	17.08.1995	PL	LQ 777 322
S	<i>Thelephora penicillata</i>	skjeggfrynseopp	R	Skodjebrua/Straumen, øydelagt av vegbygging	04.09.2001	PL	LQ 775 323
S	<i>Trichoglossum walteri</i>	vranglodnetunge	E	Fylling: Nedreli	07.09.1995	GGa & JB	LQ 842 352
S	<i>Trichoglossum walteri</i>	vranglodnetunge	E	Fylling: Solli	24.10.1999	GGa	LQ 843 346

Sopp

Funn i fylket vårt av raudlisteartar av sopp er oppsummert av Gaarder & Jordal (2001). Det er kjent godt over 7000 soppartar i Noreg, av desse står no 763 på raudlista (Bendiksen m. fl. 1998). I vårt fylke er det kjent 145 av desse raudlisteartane. Tabell 8 viser kva artar og funn som er kjent frå Skodje. Dei fleste av desse er knytt til kulturlandskapet.

I Skodje er det kjent 46 raudlista soppartar, av desse 2 direkte truga (kategori E), 8 sårbare artar (kategori V), 17 sjeldan (kategori R) og 19 i kategori omsynskrevande (kategori DC).

Lav

Funn i fylket vårt av raudlisteartar av lav er oppsummert av Gaarder & Jordal (2001). Det er kjent 15 busk- og bladlav-artar som står på raudlista. Det er kjent 2 offisielt raudlista lavartar frå Skodje. Desse er skorpefiltlav (DC – omsynskrevande) og kranshinnelav (V). Elles er det kjent heile 8 sjeldne skorpelavartar som reknast som kandidatar til raudlista (Gaarder & Jordal 2001).

Kommentarar til nokre artar:

Kranshinnelav (sårbar, V) er ny for fylket, og er frå før kjend frå Rogaland til Sunnfjord i råmerik, temperert regnskog. Han vert rekna for å vere sjeldsynt i desse fylka (Krog m.fl. 1994), med berre kring 20 funn på 18 lokalitetar. Funn i Skodje var såleis en liten sensasjon. Han veks nærast på Atløy i Sunnfjord etter det som er kjent til no.

Skorpefiltlav vert hjå oss rekna som omsynskrevjande, og er ein kystnær (oseanisk) art som er spreidd til sjeldsynt i Møre og Romsdal (men lokalt med gode førekomstar). Arten er helst å finne i samband med gammal, fuktig ospeskog.

Sjeldne skorpelavartar (ikkje på raudlista):

Arthonia arthonioides og *A. stellaris* er begge sjeldsynte artar med berre få funn i fylket og elles i Noreg, og står oppførte i ei mellombels raudliste for norske skorpelav (Jordal & Gaarder 1998a). Dei er knytt til gamle lauvtre (respektive bjørk og hassel), og trivst truleg best i eldre regn-skogmiljø. *A. stellaris* er kjent berre frå Skodje (to funn) og Ålesund (eitt funn, Holtan 1999) i Møre og Romsdal, elles i Noreg er det berre eitt funn frå Rogaland.

Pyrenula harrisii og *P. laevigata* er begge sparsame i fylket og i landet, med berre få funn, og artane er mellombels ført opp i raudlista (Jordal & Gaarder 1998a). Dei veks helst på hassel i fuktige miljø, og vert rekna mellom regnskogsartane i Noreg, avhengige som dei er av milde vintrar og høg råme. Det vart gjort fleire nye funn i Skodje i 1999, m.a. på rogn.

Thelotrema lepadinum og *T. suecicum* har vist seg å vere spreidde i fylket, men av og til med gode førekomstar på nokre av lokalitetane. Artane er sårbare for luftureining og skogsdrift, og veks helst i samband med hasselkratt i regnskogsmiljø (og av og til på bjørk eller rogn). Mestdelen av førekomstane i verdssamanheng er norske, og dei skulle såleis vere klåre norske ansvarsartar (Gaarder 1996, Purvis m.fl. 1995).

Kvithovudnål *Cybebe gracilentia* og kystdoggnål *Sclerophora peronella* er også mellom raudlistekandidatane, og er i Skodje funne på gamle bjørker i gammal, fuktig skog.

Planter

Funn i fylket vårt av raudlisteartar av planter er oppsummert av Gaarder & Jordal (2001), og rapportforfattarane har utført oppdatering. I Skodje er det kjent 2 raudlista planteartar, solblom (DC) og bruntelg (DM).

Virvellause dyr

Faunaen av insektartar og andre virvellause dyr i Skodje er dårleg kjent. Den einaste noko studerte gruppa innanfor insekta er augestikkerar, som er undersøkt av Hans Olsvik, Dag Holtan og Karl Johan Grimstad. Elles er det funne blodigle og elvemusling.

Kongeaugestikker

Dette er kjempa mellom dei europeiske augestikkerane, og noko av ein spesialist. Han lever berre i skogsbekkar eller mindre vassdrag i låglandet, og funnet i Solnørelva var noko overraskande, då denne elva vert rekna for å vere for stor for arten. Han finst også i Svortaelva, begge stadane (så langt ein veit) med berre små bestandar.

Det er tre funn på Sunnmøre til no, og arten er oppført som sjeldsynt (R) på raudlista. Det er såleis god grunn til å skjytte desse områda vel. Kantvegetasjonen langs desse vassdraga må såleis ikkje hoggast ut, ein må unngå alle typar grøfing eller drenering, og ein må unngå at områda vert ureina. Med berre små og få lokalitetar (dette gjeld i heile fylket) skal det lite til for å slå dei heilt ut.

Blodigle

Alt Hans Strøm skreiv om ”oppdrett” av blodigler på Håeim (Håheim) på 1700-talet. Iglene vart nytta i lokal folkemedisin. Sidan har dette opphøyrt, og blodigler er i dag sjeldne i Noreg. Ørnakktjønna og ei nærliggjande tjønn, samt Iglejtjønna på Håjem er dei einaste sikre intakte lokalitetane med blodigle i Møre og Romsdal. Blodiglene lever om våren av å suga blod av padder som parrar seg, og dermed ikkje er så raske til å koma seg unna. Det er muleg at dei lever ein stor del av året på dette festmåltidet. Blodigle er i dag ein freda art.

Elvemusling

Elvemusling førekjem i reine og relativt rolegstrøymande låglandselver og bekkar på grusbotten. Dei har vore truga av både rovdrift av perlefiskarar, forureining og fysiske inngrep. Bestanden i vårt fylke har derfor gått sterkt tilbake mange stader, og elvemuslingen står på raudlista og er vorten freda. I Skodje er det kjent berre ein lokalitet med nokre få skjel, og det seier seg sjølv at desse må få vera i fred.

Fugl og pattedyr

Tabell 9. Raudlista viltartar som har eller kanskje har hekka eller yngla i Skodje. Kjelder: oppdatert viltregister.

Norsk namn	Latinsk namn	Raudlistestatus
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	DC
Gråspett	<i>Picus canus</i>	DC
Havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	DC
Hubro	<i>Bubo bubo</i>	V
Hønehauk	<i>Accipiter gentilis</i>	V
Kongeørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	R
Kvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	V
Sjørørre	<i>Melanitta fusca</i>	DM
Songsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	R
Storlom	<i>Gavia arctica</i>	DC
Trane	<i>Grus grus</i>	DM
Vendehals	<i>Jynx torquilla</i>	V
Åkerrikse	<i>Crex crex</i>	E
Dvergflaggermus	<i>Pipistrellus pygmaeus</i>	DM
Oter	<i>Lutra lutra</i>	DM
Piggsvin	<i>Erinaceus europaeus</i>	DM

I tillegg til hekkeartane er følgjande raudlisteartar observert i kommunen, mest på trekk og overvintring: bergand, havelle, jaktfalk, lomvi, lunde, skeiand, smålom, stjertand, svartand, teist, vandrefalk.

Omtale av raudlista fugle- og dyreartar:

Storlom

Storlomen går for tida sterkt attende i fylket, og slik stoda er nett no, ser det ut til at det berre er att 1-3 hekkande par på Sunnmøre. I Skodje kan ein gje følgjande oppsummering:

Engesetvatnet: Dette var ein av dei sikre hekkeplassane for arten, men han har knapt vore å sjå i vatnet etter 1994, og ein kjenner heller ikkje til rapportering om vellukka hekking på 1990-talet i vatnet.

Svartløkvatnet: Dette er ein gammal hekkeplass for lomen, og han bytter mellom dette vatnet og Mevatnet. Heller ikkje her er det rapportert om vellukka hekking på 1990-talet, derimot kan ein av hytteeigarane i området fortelje om systematisk egggrøving dei siste åra. Framleis kan ein altså studere arten her, men det er like gjerne fuglar som sveiper innom etter isløysinga på veg til andre hekkeområde lenger nord eller aust.

Svortavatnet: Dette er også ein svært gammal hekkeplass for lomen. Fuglane fekk fram ungar i 1993, etter den tid har dei kome til vanleg tid om våren fram til 1996, og så vart det brått slutt. Ting tyder på at årsaka er forstyrring i den tida lomen er sårbar.

På våre kantar er truleg uroing ein viktig årsak til dei magre hekkeresultata. Informasjon om arten til hyttefolk, i skulen, i den lokale forvaltninga, eller også skilt med informasjon om lomen ved hekke-plassane skulle vere mellom dei mest aktuelle tiltaka i Skodje. Nytt er at han hekkar vellukka i Skodjedelen av Brusdalsvatnet frå 2000.

Havørn

Finst i kommunen, truleg med aukande tendens. Havørna er sårbar for skogsdrift og uroing i hekketida.

Hønehauk

Hønehauken er også mellom dei fuglane som går attende, og dette gjeld for heile landet. Fram til om lag midten av 1970-talet var Skodje mellom dei kommunane i fylket som hadde ein god og levedyktig bestand av denne fuglearten, og det er kjend 8 hekkeplassar innafor eller i nærleiken av kommunegrensa som var i bruk på den tida.

Stoda i dag er at nokre få par prøver seg med egglegging kvart år. Som det største trugsmålet mot arten vert rekna dårlegare næringstilhøve som ei følgd av dei moderne drifts-formene i skogbruket. Uthogging av reiområda er også eit trugsmål, det same gjeld truleg ulovleg bekjemping. Eit aktuelt tiltak i Skodje vil vera at grunneigarane og kommunen skaffar seg eit oversyn over dei ulike reira på eigedomane, og tek dei naudsynte omsyna i skogsdrifta.

Hubro

Det er usikkert om hubroen framleis kan reknast med mellom hekkfuglane i kommunen, då det ikkje er kjend rapportar om roping etter 1970. Nokre einskilde observasjonar er det likevel, også frå 1990-talet, utan at hekking er kjend. Arten toler ikkje uroing i hekketida. I alle høve tidlegare var han utsett for bekjemping, medan kraftliner og skogdrift inntil bergvegger og urer er andre store trugsmålet mot dei fuglane som er att i dag.

Vendehals

Vendehalsen forsvann truleg frå Skodje tidleg på 1970-talet (han vart på den tida m.a. funnen hekkande ved Slettebakken). Arten er avhengig av gode førekomstar med jordmaur, og er såleis sårbar for omlegginga til moderne jordbruk, med reduksjon i arealet av natureng- og naturbeitemark. Truleg har det og skjedd eitt eller anna i vinteropphaldsstadene.

Gråspett

Denne hakkespetten er avhengig av ljospone naturskogar som i hovudsak får skjøtte seg sjølv, og kan finnast i både bar- og lauvskog, berre det er god tilgang på maur, som er hovudføda i sommarhalvåret.

I Skodje er arten funnen hekkande frå tid til anna, men han er anten sjeldsynt eller noko oversett. Best kjennskap har ein til dei gamle revira i samband med Ørnnakken og Glomsetsætra, og frå Heggebakkli og vestover mot Ålesund, i alt 3-4 par mest årleg.

Av det ein veit om negative faktorar for arten, kan nemnast hogst av særleg ospeskog, og treslagskifte til gran (Myklebust 1996). Aktuelle forvaltningstiltak i Skodje skulle såleis vere å ta vare på skogsbestandar som har eldre lauvtre, spare grove ospesholt og syte for at det til ei kvar tid finst gode bestandar med gammal blandingskog i kommunen.

Kvitryggspett

Med meir enn 90% av hekkebestanden i Norden lokalisert på Vestlandet frå Agderfylka til Møre og Romsdal (Myklebust 1996), seier det seg sjølv at førekomstane i dei einskilde kommunane er av stor verdi for arten totalt sett.

Kvitryggspetten er ein utprega spesialist, som er knytt til (på våre kantar) gammal furuskog med stort innslag av daude eller døyande tre, og det må også vere mykje gammal lauvskog i leveområda, truleg av di vedlevande larvar er viktigaste føda i hekketida.

Ut frå dette er det altså ikkje til å undrast over at dei hekkeplassane ein kjenner til i Skodje, er i nett slike område, dvs. i områda ved Demmahaugen (sørsida), Heggebakkli/Smågjæra (mot Ålesund), Markadelda, Stavsetfjellet (sør), Straumsdalen, Sætreli, ved Ørnnakken (1-2 par) og i Øyedalen. Det har ikkje vore lagt vekt på å kartleggje eller kontrollere alle områda årleg, men det verkar klart at kvitryggspetten er den mest stabile av

hakkespettane i Skodje. Arten er rekna for å vere særskild arealkrevjande, og treng frå 1500 til 4000 daa skog (gjennom eit heilt år) av den kvaliteten som er peika på ovanfor for å overleve.

Dei mest aktuelle forvaltningstiltaka er å sette av nokre av hekkeområda til verneområde, eller som område der ein berre driv dimensjonshogst. Framtida til arten kan berre sikrast ved at skogbruket sparer parti med gammalskog, og ser til at eldre tre og daude eller døyande einskildtre får stå att i dei områda som vert utnytta i hogsten (Myklebust 1996).

Dvergspett

Dvergspetten er, som namnet seier, den minste av hakkespettane våre, og finst helst i lauvskog, både edellauvskog, gråorskog og i fjellbjørkeskogen.

På Sunnmøre, og også i Skodje, er arten sjeldsynt eller fåtalig. Arten vart funnen hekkande i Straumsdalen naturreservat i 1997, ved Kvitnakken i 1998 og 2002 (nord for skytebana) og liene ved vestenden av Svartløkvatnet i 1999 og 2002, og han er observert i området ved Ytrevika (aust for Glomset) og øvst i Øyedalen i hekketida. I tillegg er han rapportert frå Sætreheia/Heggebakkli og Ørnnakken også her i hekketida.

Arten er truga av treslagskifte og auka avverking av dei skogtypane som er nemnde ovanfor. Aktuelle skjøtsletiltak i Skodje skulle såleis vere å take vare på større, samanhengande bestandar av dei ulike lauvskogstypane, og særleg legge vekt på å sikre gamle og døyande tre i desse områda.

Dvergflaggermus

Dvergflaggermus er registrert med ultralyddetektor 4 stader i kommunen fram til 2003 (Michaelsen et al. 2003a, Michaelsen pers. medd.): Engjvatnet, Engesetvatnet, Solnør og Vasset. Dvergflaggermus er ikkje uvanleg i fjordstroka, men har ingen kjente ynglestader i Skodje.

Piggsvin

Piggsvin er observert fleire stader i nærleiken av busetnad. Piggsvin er generelt utsette for å verta påkøyrt av bilar.

Oter

Oteren førekjem i det meste av fjordstroka i kommunen, det er også kjent mange hiområde.

KUNNSKAPSSTATUS

Oppsummering av datagrunnlag etter dette prosjektet

Kunnskapsstatus for prioriterte naturtyper og nokre organismegrupper er vurdert og kommentert i tabell 10 og 11 nedanfor. Når det gjeld naturtypar, er det særlig ein del av hei-områda som er dårleg kjent. Det er også manglar når det gjeld havstrand og kulturlandskap utanom hei. Reint marine miljø vert overlevert til kartlegging av marine område (eigen handbok).

Tabell 10. Vurdering av kunnskapsstatus for prioriterte naturtypar.

Naturtype	Kommentar
Havstrand/kyst	Kunnskapsstatus for brakkvatn og strandenger er truleg middels. Ein har ikkje hatt tid å undersøkje alt som ut frå kartet kan sjå aktuelt ut. Reint marine miljø som undervassenger med ålegras ute i sjøen er ikkje prioritert, og ein viser til evt. seinare marin kartlegging.
Kulturlandskap	Kunnskapsstatus for naturbeitemark/slåtteeenger er middels. Artsrike vegkantar finst fleire stader, m.a. ved Skinstadreset, men er ikkje skikkeleg undersøkt og avgrensa. Store gamle tre finst fleire stader, m.a. ved Solnør gard, og kan ha interessant lavflora.
Ferskvatn	Det står att litt når det gjeld dammar/småttjønner, bekkedrag og småelvar, og her vil ein gjetta på at det kan finnast lokalitetar som tilfredsstillir kriteria for avgrensing. M.a. er Skodje ein viktig kommune for padde og augestikkarar, og her finst truleg meir enn det som er kjent. Ein spennande art er blodigle, som og kan tenkjast å finnast fleire stader.
Rasmark, berg og kantkratt	Denne naturtypen er dårleg representert i kommunen, og er så vidt blitt med som type i mosaikk-lokalitetar. Det kan finnast fleire lokalitetar.
Myr	Naturtypen må seiast å vere under middels godt kartlagt, men ein kjenner brukbart dei største og kanskje viktigaste lokalitetane, m.a. ved Svartløkvatnet. Det kan finnast diverse rikmyrflekker som enda ikkje er oppdaga.
Skog	Her er det betydelege utfordringar framleis. M.a. finst framleis furuskog og potensielle barlindlokalitetar som ikkje er undersøkte, og ein del potensielt interessante hasselområde.
Fjell	Fjell er svært dårleg kjent, men ut frå berggrunnskart og nærleiken til havet ventar ein ikkje å finne rike fjellplanteområde i kommunen.

Tabell 11. Vurdering av kunnskapsstatus for nokre organismegrupper (virveldyr er ikkje vurdert).

Gruppe	Kommentar
Insekt	Omtrent ukjent.
Planter	Middels godt kjent.
Mosar	Relativt dårleg kjent med unntak av spreidde undersøkingar av oseaniske mosar. Deler av kommunen er spennande med tanke på oseaniske artar og burde vore betre undersøkt.
